I 2018 vart prosjektet avslutta då ein ikkje fekk midlar til å vidareføre det. Skikrinsen utvikla då eit nytt prosjekt, Utedagen.

Utedagen

Utedagen er eit konsept utarbeida av Sogn og Fjordane Skikrins, lagt til rette for bruk i skule med fokus på fysisk aktivitet vinterstid.

Gjennom Utedagen legg ein til rette for leik og fysisk aktivitet på ski i samband med skulane sine skidagar. Elevane får erfare fysiske aktivitetar som er prega av leik og høg grad av aktivitet, og blir introdusert for spennande øvingar og aktivitetar på ski av instruktørar frå skigruppene.

Opplegget i dei ulike skulane er ikkje likt, men tilpassa behovet i den einskilde skule, og alle grunnskular får tilbod om å delta i prosjektet.

Skikrinsen dekkjer opplæring av instruktørar, samt reise og lønn til instruktørane som har ansvar for opplegget ved kvar enkelt skule.

Vidare legg ein til rette fagdagar for kroppsøvlingslærarar i grunnskulen i Sogn og Fjordane. Her vert også instruktørar frå skigruppene invitert.

Prosjektet vart sett i gong vinteren 2019 med finansiering frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Norges Skiforbund samt avsette ressursar frå Sogn og Fjordane Skikrins. Ein dårleg snøvinter i 2019 skapte utfordringar med å gjennomføre skidagar ved enkelte av skulane som deltok i prosjektet.



Frå fagøkt for lærarar og instruktørar vinteren 2019 ved Breimsbygda Skisenter.

Skikrinsen har i tingperioden hatt ein utviklingsavtale med Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Avtalen mellom skikrinsen og fylkeskommunen er ein viktig del av det pågåande folkehelsearbeidet i fylket knytt opp mot gjeldande regional politikk og strategiar bestemt av fylkestinget. Føremålet med avtalen er å styrke tilbodet om fysisk aktivitet til elevane som deltek i prosjektet, og gje dei positive opplevingar, skiglede og dugleik som dei kan ta med seg inn i vaksenlivet. Fylkeskommunen ser det som spesielt viktig at prosjektet vert gjennomført i skuleverket, som gjev tilbodet til alle elevane uavhengig av foreldra sin sosioøkonomiske status. Prosjektet kan difor bidra til å jamne ut sosiale skilnader innan helse.

11.2 Aktivitetstiltak

Telenor Karusellen

Sesongane 2018 og 2019 er nærare 5000 born aktivisert gjennom Telenor Karusellen i Sogn og Fjordane. Kvar sesong har kring 20 idrettslag vore arrangørar av karusellen.

Telenor Karusellen er eit svært viktig og populære rekrutteringstiltak i skigruppene, der ein ynskjer å gjere barnearrangementa lettare å arrangere og meir attraktive for deltakarane.

«Barnas OL»

Skikrinsstyret har hatt som mål i perioden å legge til rette for lågterskel opplæringstilbod for foreldre og andre skiinteresserte. Gjennom konseptet «Barnas OL» kan skigrupper få hjelp til enkelt å legge til rette for aktivitet med fokus på skileik/ basisferdigheiter på tvers av skigreiner.

Konseptet er prøvd ut i Sogn.

«Sogn og Fjordane leikane»

Vinteren 2019 la Skikrinsstyret til rette for arrangementet Sogn og Fjordane-leikane. Dette er eit arrangement på tvers av alle greinene i Sogn og Fjordane Skikrins og er open for alle, både aktive og nye, til å prøve ut dei ulike greinene.

Arrangementet vart lagt inn i greinkomiteane sine terminlister, men ein utfordrande snøvinter gjorde til at ein ikkje fekk gjennomført leikane i 2019.

Basissamling på tvers av skigreine

I samarbeid med Idrettskrinsen og andre særiddrettar har skikrinsen lagt til rette for basissamling for unge utøvarar på Idrettens Møteplass i 2017 og 2018 i Sogndal. Kompetanseressursar har vore henta frå særiddrettane, og OLT Vest og Høgskulen på Vestlandet. I tillegg vart det lagt til rette for foredrag om ernæring for utøvarane.

Trenarar, foreldre og andre interesserte har kunne observere øktene på samlinga, og i tillegg har det vore lagt til rette for eit fellesidrettsleg foredrag på Idrettens Møteplass.



Frå basissamlinga på Idrettens Møteplass i 2017 i Sogndal.

11.3 Klubbutvikling

Gjennom skikrinsen sin handlingsplan er skiforbundet sin utviklingsmodell (SUM) følgt opp med tiltak basert på prioriterte målsetjingar.

I oppfølging av utviklingsarbeidet vart Ingrid Narum rekruttert som «klubbutviklar» i 2017, og har teke skiforbundet si utdanning innan klubbutvikling.

Skikrinsen har i tingperioden lagt til rette for sonemøte i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Målet med sonemøta har vore å bli kjent med SUM og lære korleis ein kan jobbe med konkrete verktøy for å utvikle eiga skigruppe. I tillegg har møta vore nyttige møteplassar for diskusjon og erfaringsutveksling på tvers av skigruppene.

Ein har i tillegg lagt til rette for klubbesøk i skigruppene.

11.4 Haldningsskapande arbeid

«Ren utøver»

Skikrinsen har informert om gjennomføring av e-læringsmodulen «Ren utøver», og komiteane har følgt opp at alle utøvarar knytt til krinslag skal gjennomføre opplæringa.

Fluorforbod

Langrennskomiteen i Norges Skiforbund vedtok i etterkant av Haustmøtet 2017 å innføre eit fluorforbod i klassane til og med 16 år, men først når det finst sikre kontrollmetodar som kan identifisere fluor under skia før start i skirenn. For sesongen 2017-2018 oppmoda ein alle skikretsar og klubbar til å nytte glidprodukt utan fluor i alle skirenn, spesielt til og med 16 år. Basert på dette vedtaket gjorde Skikrinsstyret vedtak om å oppmode at alle arrangement approbert i Sogn og Fjordane Skikrins si terminliste skal vere «fluorfrie».

Etter Haustmøtet 2018 vedtok langrennskomiteen i Norges Skiforbund å innfører eit fluorforbod i klassane til og med 16 år. Forbodet gjeld frå og med sesongen 2018-2019 og omfattar fluorholdige glidprodukt.

Vedtaket er basert på tillit, der det ikkje blir gjennomført nokon form for sanksjonar (disking eller bøter) dersom fluor blir oppdaga.

I etterkant har også alpinksomiteen og hoppkomiteen i Norges Skiforbund følgt opp med same vedtak.

Skikrinsen har informert om dei ulike vedtaka ut til skigruppene og medlemene via sine nettsider, Facebook-side og på Vår- og Haustmøta.

Kjøp og sal av brukt skiutstyr

I perioden har skikrinsen etablert ei Facebook-side for kjøp og sal av brukt skiutstyr i Sogn og Fjordane.

Dette er eit kostnadsreducerande tiltak for deltaking i skiidretten for gjere bra og rimeleg utstyr tilgjengeleg for fleire.

Facebook-sida har fått god oppslutnad etter ein sesong.

11.6 Utdanningsstatistikk

2017	TAL	TAL DELTAKARAR			STUD.	ELEV
KURSTYPE	KURS	MENN	KVINNER	I ALT	TIMAR	TIMAR
Trenar 1 Alpint	1	38	38	76	18	1368
Trenar 1 Telemark	1	43	40	83	27	2241
Trenar 1 Langrenn	1	2	3	5	49	245
Trenar 2 Langrenn	1	4	0	4	57	228
Utviklingsprosess	1	12	3	15	2	30
Sum	5	99	84	183	153	4112

2018	TAL	TAL DELTAKARAR			STUD.	ELEV
KURSTYPE	KURS	MENN	KVINNER	I ALT	TIMAR	TIMAR
Trenar 1 Telemark	1	19	21	40	34	1360
Trenar 1 Alpint	1	30	37	67	34	2278
Trenar 1 Langrenn	1	6	3	9	35	315
Trenar 2 Langrenn	1	13	4	17	57	969
Klubbutviklingsprosess	7	52	33	85	4	2380
Sum	11	120	98	218	164	7302

Kurs i 2019 kjem med i neste årsmelding.

12. TELEMARK/ RANDONÉE

I samband med Skikrinstinget 2017 vart det valt ein telemark-/ randonéekomite:

Leiar	Sjur-Håvard Øygard	IL Høyang
Medlem	Anders Yri (-31.12.2017)	Syril IL
Medlem	Malene Blikken Haukøy	IL Høyang
Medlem	Johan Olai Svidal (-14.05.2018)	Stryn T&IL

Komiteen har hatt eit møte i perioden.

Det har vore utfordrande å få i gong arbeid i komiteen, og det har også vore endringar i komiteen i tingperioden.

Innan randonée har ein lagt til rette for breiddesamling i Sogndal sesongen 2017-2018. I tillegg har ein jobba med å få opp nye arrangement og utdanningstiltak.

12.1 Telemark

Det er eit svært aktivt telemarkmiljø i Sogn, med Syril IL og Luster Telemarkklubb i spissen. Miljøet i Sogn har lukkast med å etablere eit godt utviklingsmiljø for unge utøvarar, og miljøet har fått fram utøvarar som hevdar seg godt nasjonalt og internasjonalt.

Blant dei fremste utøvarane kan ein nemne Andrea Fiskaa Haugen og Eirin Fiskaa Haugen (Luster Telemarkklubb) og Sara Felde Liljedal (Syril IL). Desse utøvarane har hevda seg godt både nasjonalt og internasjonalt i tingperioden.

Andrea Fiskaa Haugen har medaljar i junior-VM både i 2018 og 2019, og i 2019 vart også tvillingsøster Eirin tatt ut til meisterskapen.

I tillegg vart alle dei tre nemnte utøvarane uttatt til VM på Rjukan i 2019, der Eirin hevda seg best med ein 9. plass.

Det er ikkje berre på utøvarsida at dette miljøet markerer seg. Luster Telemarkklubb og Syril IL har også jamleg vore arrangør av større nasjonale arrangement. I 2018 vart NM Klassisk arrangert ved Sogn skisenter, medan NM Fjelltelemark vart arrangert i Leikanger Fjellarena i 2019. Begge arrangementa vart avvikla i eit godt samarbeid mellom dei to klubbane.

12.2 Randonée

Randonée er ein skiaktivitet som etter Skitinget på Voss i 2010 vart underlagt Norges Skiforbund. I Sogn og Fjordane er det skapt miljø for denne aktiviteten fleire stader i fylket. I 2018 vart norgescup i randonée avvikla i samband med Stryn Rando 3000. Arrangementet vart avlyst i 2019 grunna utfordrande snø- og vêrforhold.



Malene B. Haukøy (IL Høyang).
Foto: Norges Skiforbund

Av lokale utøvarar som hevdar seg godt nasjonalt kan ein nemne Malene Blikken Haukøy (IL Høyang) og Sindre Hoff (Gaular IL). Begge har vore på landslaget i randonée i tingperioden, og begge har også representert Norge i internasjonale meisterskap. I tillegg har juniorløparane Trym Dalset Lødøen (Haugen IL) hevda seg godt i sin første sesong for randonéeutøvar i 2018-2019, med m.a. gull i noregsmeisterskapen for junior.

13. INTEGRERING

13.1 Generelt

Det er forholdsvis få utøvarar med funksjonsnedsetting i Sogn og Fjordane. Lange og tidkrevjande reiseavstandar gjer det utfordrande å samle fleire til felles skiaktivitet. Utøvarar med funksjonsnedsetting, og spesielt dei yngste, er avhengige av tilbod frå det lokale laget, gjerne med faste veketilbod med skiaktivitet gjennom skigruppene. Dette vil også føre til ein betre sosial inkludering.

Skikrinsen har i tingperioden hatt større fokus på tilrettelegging av aktivitet for personar med funksjonsnedsetting, og skikrinsen samarbeider aktivt med NAV Hjelpemiddel-sentralen. Asle Sande (Førde IL/NAV Hjelpemiddelsentralen) er nettverkskontakt innan integrering i skikrinsen.

I tillegg har ein oppmoda aktuelle utøvarar om å delta på Norges Skiforbund sine opne samlingar for utøvarar med funksjonsnedsetting, både på barmark og snø.

13.2 Aktivitet

Skikrinsen har i 2018 og 2019 gjennomført fire ski- og snøsamlingar for personar med funksjonsnedsetting.

Stad	Tidspunkt
Sogn Skisenter	13. februar 2018
Sunnfjord Skisenter	14. februar 2018
Sogn Skisenter	06. februar 2019
Sunnfjord Skisenter	07. februar 2019

Desse aktivitetsdagane er utvikla over fleire år, og er no godt etablert. Tiltaka er avvikla i samarbeid med NAV Hjelpemiddelsentralen. Høgskulen på Vestlandet og Sogndal kommune har også vore samarbeidspartar når det gjeld tiltaka ved Sogn Skisenter. Dette samarbeidet er unikt i nasjonal samanheng. I tillegg stiller hjelpemiddelleverandørane opp med utstyr og kvalifiserte fagfolk.

På aktivitetsdagen får studentar og brukarar m/familie og fagfolk opplæring og praktisk erfaring med aktuelle hjelpemiddel (sitski, langrennspigging, tilpassa akeutstyr m.m.).

Nettsak på NRK Sogn og Fjordane frå aktivitetsdagen i Sunnfjord Skisenter i 2018:

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/rett-utstyr-far-fleire-ut-1.13919494>

Aktivitetsdagen vart presentert i Vestlandsrevyen.

I 2018 fekk ein også gjennomført aktivitetsdag for deltakarar med utviklingshemming ved Langeland Skisenter. Skikrinsen, i samarbeid med langrennsgruppa i Førde IL, la til rette for skileik og konkurranse med og utan tidtaking.

I 2019 måtte aktivitetsdagen diverre avlysast grunna snøforholda.



Frå aktivitetsdagen ved Langeland Skisenter vinteren 2018.

Vidare har ein gjennom terminlista til skikrinsen lagt til rette for opne klassar for deltakarar med funksjonsnedsetting i samband med krinsrenn.

14. SLUTTORD

I år som tidlegare, kan vi starte sluttordet med at vi kan sjå tilbake på to gode år for Sogn og Fjordane Skikrins. Særleg sesongen 2017-2018 var veldig god då vi fekk ein skikkeleg lang og god snøvinter. I 2018-2019 sesongen var det veldig god aktivitet over heile fylket den litt for korte perioden med topp skiforhold i januar og februar.

Det gleder oss å sjå at både den organiserte og ikkje minst den uorganiserte delen av skisporten blomstrar når tilhøva er gode.

I åra framover vert det heilt sikkert ei viktig oppgåve å gjere fleire av skianlegga i stand til å kunne vere i drift med lite snø.

For å halde oppe aktivitetstala og få nye generasjonar til å bli glade i den fantastiske skisporten må vi prioritere rekrutteringsarbeidet høgt.

Aktiviteten vert omtala i greinrapportane, men eg vil likevel nemne nokre toppar. Vi slit med breidda i hopp, men Anders Fannemel (Hornindal IL) er framleis i verdseliten. Og unge Johannes Årdal (Jølster IL) hevdar seg i toppen i sin klasse nasjonalt.

Krinslaget i langrenn driv godt og er viktig for å hindre fråfall i junioralder. Det gjer det mogeleg å satse langrenn på godt nivå her i fylket fram til senioralder.

Gjørjan Tefre (Førde IL) og Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL) markerer seg i langrennstoppa også internasjonalt. Tefre har gått fleire verds cuprenn, medan Hope tok gull i Junior VM både individuelt og stafett i 2018.

I alpint arbeider ein svært godt med stor samlingsaktivitet lokalt. Det er kjekt å sjå at alpinistar som Åge Solheim (Haugen IL), Andreas Strand (Jølster IL) og Andrine Mårstøl (Haugen IL) alle er i noregstoppa og at dei også har starta å hevde seg internasjonalt.

Vi har bak oss to nye år med regionsatsinga i langrenn (Team Veidekke Vest). Dette laget har hatt flotte resultat og gjer det mogeleg å satse mot toppen som medlem av våre lokale klubbar.

I tillegg til dei tradisjonelle greinene har vi topputøvarar i randonée der Malene Blikken Haukøy (IL Høyang) er på landslaget.

I telemark har vi fleire som hevdar seg på toppnivå.

Toppidrett er spennande, men vår viktigaste oppgåve er nok likevel å få mange glade skiløparar ut i bakker og løyper. Det er stor helsegevinst og samfunnsnytte i alle som får ein sunnare kropp og eit betre liv av å kose seg på ski!

Det er også gledeleg at vi har fått deltakarar med funksjonsnedsetting med på ulike arrangement, og dette er ein klar prioritet i arbeidet vårt. I tillegg til at vi skal legge til rette for våre nye landsmenn, sjølv om dei ikkje er fødte med ski på beina.

Økonomistyringa i komiteane har vore god og skikrinsen har ein sunn økonomi.

Idrettsarbeid er også politikk og vi har hatt eit godt samarbeid med Skiforbundet og Idrettskrinsen. Handlingsplanen vår SUM har vore eit viktig styringsverktøy i perioden.

Det er viktig at fylkespolitikarane til ei kvar tid har forståing for kor viktig det er å legge til rette for idrettsungdom i eige fylke, slik vi har det mellom anna gjennom kompetansemiljøet i Sogndal.

Utøvarane har heldigvis vore trufaste mot «moderklubbane» sjølv om fleire har reist ut, men det er ikkje nok at politikarane stiller opp og solar seg i glansen av stor prestasjonar. Dei må vise forståing for at ingenting kjem av seg sjølv.

Sist vinter baud på ein del utfordringar på grunn av snømangel og flytting av arrangement. Takk til eldsjelenene i dei skianlegga som klarte å halde oppe i dei vanskelege periodane, og ikkje minst takk til administrasjonssjefen som brukte mykje tid på få alle brikker på plass slik at vi kunne ha arrangement stort sett etter terminlista sjølv om vi måtte skifte plass.

Årsmelding er resultat og økonomi, men det er også tid for å takke. Takk til sponsorar og alle som legg ned eit stort arbeid for skiidretten i fylket. Den frivillige innsatsen er heilt avgjerande for arbeidet vårt.

Eg vil avslutte denne årsmeldinga med å rette ei stor takk til dei som eg har hatt med i styret.

Ei spesiell takk til Yngve og Ingrid som administrasjonssjefar. Dei har gjort ein kjempejobb for skisporten i fylket.

Finn Årdal (s)
Leiar

ÅRSMELDING

LANGRENNSKOMITEEN 2017-2019

Leiar	Oddmund Lefdal	IL Bjørn
Nestleiar	Tor Arne Hov	Kaupanger IL
Medlem	Torunn Grut	Syril
Medlem	Anne Lilleaasen	Gaular IL
Medlem	Adrian Helgheim	Førde IL (ungd. repr.)

Langrennskomiteen har avvikla Vår- og Haustmøter etter oppsett plan, og også i denne perioden har desse møta vore ein viktig møtestad for langrennssporten i fylket.

Det er i perioden avvikla 8 møter i komiteen (inkl. Vår- og Haustmøter), og leiar er representert i Skikrinsstyret.

Leiar har delteke på Norges Skiforbund sine Vår- og Haustmøter.

Breiddeidrett

Mange lag arrangerer eigne cupar og kveldsrenn med god deltaking. Desse cupane er ein viktig innfallspurt til langrennssporten for mange born i fylket vårt. Vi ser likevel at fleire lag kunne vore aktive i samband med terminfesta renn, og det ser ut for at trenden når det gjeld deltaking på krinsrenn er noko nedgåande.

Ein dårleg snøvinter i sesongen 2018-2019 førte til store utfordringar for fleire lag i fylket vårt. Utfordringane knytta seg i stor grad til gjennomføring av trening og arrangement.

Skikrinsen har sidan 2009 gjennomført prosjektet Ski i Skulen. Målsetjinga med prosjektet er å skape ei god skiopplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment. Samt bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vinterstid. Omlag 230 elevar tok del i prosjektet i 2018, der tal skular som var med i prosjektet var noko færre enn planlagt. Årsaka var noko dårlegare inntektsgrunnlag enn budsjettert.

I 2018 vart prosjektet avslutta då ein ikkje fekk midlar til å vidareføre det. Skikrinsen utvikla då eit nytt prosjekt, Utedagen, som vart sett i gong vinteren 2019.

Vidare har komiteen samarbeida med Sognefjellet Sommarskisenter og Fanaråk IL m.o.t. vidareføring av Sognefjellet Sommarskiskule.



Frå SSF Cup i Sogndal Skisenter - Hodlekve i 2019.

Toppidrett

Langrennskomiteen har fortsett satsinga på krinslaga i langrenn. I tillegg har vi løparar som er uttekne til Team Veidekke Vest.

Tilbodet om krinslaget og impulslaget er vidareført med høvesvis ca. 35 og 12 samlingsdøgn. Intensjonen med impulslaget er å samle utøvarar i 16-årsklassa til felles trening. Vidare er det viktig at ein arbeidar aktivt for å halde på langrennsungdomen i fylket. Difor ser komiteen det som viktig at denne aldersgruppa (impulslaget) får moglegheit til å hospitere på krinslaget. Tal løparar på krinslaga har vore stabilt i tingperioden.

Dei sportslege resultatata har vore gode i perioden, og fleire utøvarar frå fylket hevdar seg godt i nasjonale og internasjonale arrangement og meisterskap. Blant dei fremste og mest lovande utøvarane kan ein m.a. trekke fram Gjørn Tefre (Førde IL), Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL), Torstein Bu (Førde IL), Simon H. Kirkeeide (Markane IL), Eskil Hov (Kaupanger IL), Thristan Engebø Ullebø (Førde IL), Ane Brekke (Førde IL) og Gyrid Øygard (Førde IL).

I tillegg har Førde IL markert seg på NM-stafett med ein sterk 13. plass i 2019. På laget gjekk Gjørn Tefre, Sindre Hoff og Torstein Bu.

På jentesida er det få utøvarar i juniorklassane, men det er positivt at fleire av desse held fram gjennom junioralder. I aldersbestemte klassar ser det ut for at rekrutteringa på jentesida er god, og det blir difor viktig å ta vare på desse opp til og gjennom junioralder. Komiteen meiner eit verkemiddel kan vere å rekruttere fleire kvinnelege trenarar til aktivitet i klubb og krets, og å halde fram med jentesamlingar i fylket.



Juniorjentene som deltok på NM Junior i 2019.
Foto: Tor Arne Hov

Simen Bækken, Asgeir Årdal, Olaug Grut Andersen, Bertine Lefdal og Roger Øye Pollen har fungert som trenarar på krinslaga i perioden.

I tillegg til eit godt trenarapparat har fleire foreldre bidrege i støtteapparatet ifbm. nasjonale renn og meisterskap.

I Sogn har ein etablert eit sonesarbeid mellom klubbane med felles økter, «Sogne-langrenn». Treningstilbod på tvers av både klubbar og greiner er eit viktig tiltak for å halde på utøvarar og å dele kompetanse på tvers, og liknande modell bør prøvast ut i andre soner der det er interesse for det.

Team Veidekke Vest er eit samarbeidsprosjekt mellom skikrinsane i Agder og Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane samt Norges Skiforbund. Team Veidekke Vest er ei spissa langrennsatsing (på seniornivå) for dei beste og mest lovande langrennsutøvarane frå desse fylka. Laget sine utøvarar skal ha ambisjonar om, og potensial til å bli OL- og VM-deltakarar for Norge. Team Veidekke Vest sitt mål er å levere løparar til skiforbundet sine landslag, og å utvikle trenarar/støtteapparat/skileiarar til nasjonalt og internasjonalt nivå.

Teamet har status som regionlag under Norges Skiforbund, og har dermed ein formell posisjon under skiforbundet si satsing for å rekruttere framtidige eliteutøvarar. Teamet vert styrt av ei styringsgruppe beståande av leiarane i langrennskomiteane i dei respektive kretsane, i tillegg til ein representant frå skiforbundet.

Følgjande utøvarar frå Sogn og Fjordane har vore ein del av Team Veidekke Vest i perioden:

- Sesongen 2017-2018: Torstein Bu (Førde IL) og Gjørán Tefre (Førde IL)
- Sesongen 2018-2019: Torstein Bu (Førde IL), Gjørán Tefre (Førde IL) og Jon Rolf Skamo Hope (Hyen IL)

Arrangement

Arrangementa er vårt utstillingsvindauge og er eit mål og verkemiddel i seg sjølv. Dei siste åra har det vore vintrar som har vore milde med lite snø i skianlegga våre. Fleire anlegg er i ferd med å skaffe seg utstyr for snøproduksjon, men dette kan på ingen måte kompensere for bortfall av natursnø. I vintrar med lite snø ser ein også viktigheita med godt grunnarbeid og vedlikehald av løypene på sommar og haust.

Lite snø betyr mykje flytting av arrangement, samt mindre deltaking på krinsrenn. Sjølv om vi har hatt utfordringar har vi klart å gjennomføre alle dei viktigaste renna som KM og SSF Cup.

Kvaliteten på arrangementa er dei fleste plassar god, men det er framleis viktig å støtte arrangørane med kompetanse for avvikling av gode arrangement.

I tingperioden har ein også prøvd ut og implementert konkurranseforma langrennscross i terminlistefesta renn. Både KM i sprint i 2018 og 2019 vart gjennomført i denne konkurranseforma, i tillegg har ein oppmoda arrangørar av sonerenn til å gjennomføre renna i langrennscross.

Langrennscross er ei trenings- og konkurranseform som er motiverande og inspirerande for dei aktive, og som utviklar skiferdigheitene gjennom bruk av terreng og element med ulike utfordringar.



Frå KM sprint langrennscross på Langeland Skisenter i 2019.

Anlegg

Det er lite behov for nye langrennsanlegg i Sogn og Fjordane, då anleggsdekninga er relativt god. Utfordringa ligg i høve til rehabilitering/utbetring av eksisterande anlegg. Her tenkjer ein først og fremst på utbetring av traséar (planering, grøfting på begge sider av traséen, løypeprofilar, breidde osv.), stadionområde, samt etablering av fleire rulleskiløyper i fylket.

I tingperioden er det etablert nytt rulleskianlegget på Langeland og Harpefossen, og frå før har ein rulleskianlegg i Stryn (Ullsheim) og Vik. Det er planar for tilsvarande anlegg ved Sogn Skisenter og Sogndal Skisenter.

Trening på rulleski er ei svært viktig treningsform for langrennsløparar, og rulleski dekkjer mykje av den spesifikke treninga for langrennsløparar i sommarhalvåret. I tillegg er organisert rulleskitrening eit godt miljøtiltak, når ein tenkjer på at utøvarane kan møtast også i sommarhalvåret til spesifikk langrennstrening.

Denne aktiviteten bør i framtida ikkje føregå på trafikkert veg, og særskilt gjeld det born og ungdom. Når ein no ynskjer fleire utbyggingar av rulleskibaner, er det først og fremst av omsyn til trafikktryggleiken, og eit ynskje om å skape fleire komplette heilårsanlegg for skisporten.

Med dette som bakgrunn har komiteen engasjert seg for å arbeide fram planar om bygging av rulleskianlegg i fylket.

I tingperioden har komiteen hatt som mål å etablere fleire område for skileik i etablerte anlegg, og ein har m.a. bygd basisanlegg ved Ullsheim Skisenter med kompetansestøtte frå Norges Skiforbund. Kompetanse m.o.t. bygging av basisanlegg vil vere eit viktig fokusområde i kommande periode.

I tillegg er det i Årdalen i Jølster bygd eit permanent skileikanlegg, noko fleire bør vurdere å gjere.



Bilete frå nytt rulleskianlegg på Langeland Skisenter hausten 2017.

Kompetanseutvikling

Kompetanse blir stadig viktigare for å sikre god breidde- og toppidrett. Kompetanseutvikling omfattar utdanningstiltak for å heve kompetansen til dei frivillige i klubb og krins. I perioden har komiteen lagt til rette for Treinar 1 og 2 kurs i langrenn, samt arrangør- og TD kurs. Samla har det vore god deltaking på skikrinsen sine tiltak innanfor dette innsatsområde.

I tillegg har ein lagt til rette for «foreldrekurs», der ein har invitert foreldre og trenarar til å observere økter og eit fagleg foredrag med kvalifiserte trenarar på breiddesamlingar.

Behovet frå klubbane er etterspurnad på kortare kurs lokalt, også med lågare terskel for å delta, og er noko komiteen må jobbe vidare med kommande tingperiode.

Utdanningsstatistikken finn ein i årsmeldinga under utdanning og utvikling.

Økonomiske rammevilkår

Dei økonomiske rammevilkåra er dei samla inntektene til komiteen. Komiteen sine inntekter er i hovudsak markedsinntekter, kontingentar, lisensar, rennavgifter og ulike typar tilskot.

Sparebanken Sogn og Fjordane er langrennskomiteen sin hovudsponsor, og såleis ein svært viktig faktor for at komiteen har klart å halde oppe eit godt aktivitetsnivå. Vidare har Sogn og Fjordane Energi (SFE), ByggTeam AS og Intersport Førde/ Erdal Sport AS vore viktige økonomiske bidragsytarar i tingperioden.

Langrennskomiteen har i tingperioden levert eit økonomiske positivt resultat, noko som m.a. skyldast eit godt samarbeid med næringslivet samt gode økonomiske rutinar.

Informasjon og kommunikasjon

Den daglege informasjonen om langrennsaktiviteten i fylket vert kommunisert gjennom Sogn og Fjordane Skikrins sine nettsider www.skikrinsen.no og delt på skikrinsen si eiga Facebook-side.

Terminlista blir lagt fram og drøfta på Vår møte, før den vert sendt til høyring i laga. Til slutt har terminlista blitt handsama i samband med det årlege haustmøte.

Takk til Sparebanken Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Energi, ByggTeam AS og Intersport Førde/Erdal Sport AS for godt samarbeid. Ein stor takk også til alle frivillige som har bidrege til langrennssporten i perioden. Det er dykkar innsats og engasjement som gjer det mogleg å bringe langrennssporten framover.

Oddmund Lefdal (s)
Leiar LK



Frå Sognefjellet Sommarskiskule i 2018.

RESULTAT SESONGEN 2018**Senior-NM 2018****Herrar, sprint klassisk**

Nr. 26	Gjøran Tefre, Førde IL
Nr. 29	Torstein Bu, Førde IL
Nr. 84	Hallvard S. Evjestad, IL Bjørn
DNS	Roger Øye Pollen, Førde IL

Kvinner, sprint klassisk

Nr. 57	Bertine T. Lefdal, IL Bjørn
--------	-----------------------------

Herrar, 15 km friteknikk

Nr. 5	Gjøran Tefre, Førde IL
Nr. 58	Hallvard S. Evjestad, IL Bjørn
Nr. 62	Torstein Bu, Førde IL
Nr. 112	Roger Øye Pollen, Førde IL

Kvinner, 10 km friteknikk

Nr. 68	Bertine T. Lefdal, IL Bjørn
Nr. 75	Silja Fjærestad Hønsi, Vik IL

Herrar, 30 km skiathlon

Nr. 53	Torstein Bu, Førde IL
Nr. 91	Hallvard S. Evjestad, IL Bjørn
DNF	Gjøran Tefre, Førde IL
DNF	Roger Øye Pollen, Førde IL

Kvinner, 15 km skiathlon

Nr. 48	Bertine T. Lefdal, IL Bjørn
--------	-----------------------------

Herrar, 10 km klassisk (junior og senior)

Nr. 24	Gjøran Tefre, Førde IL
Nr. 81	Jon Rolf S. Hope, Hyen IL
Nr. 119	Torstein Bu, Førde IL

Kvinner, 5 km klassisk (junior og senior)

Ingen deltakere fra Sogn og Fjordane

Herrar, 50 km friteknikk

Nr. 34	Torstein Bu, Førde IL
DNS	Gjøran Tefre, Førde IL

Kvinner, 30 km friteknikk

Ingen deltakere fra Sogn og Fjordane

Herrar, lagsprint

Nr. 5	Førde IL (Gjøran Tefre og Torstein Bu)
-------	---

Kvinner, lagsprint

Ingen lag fra Sogn og Fjordane

Herrar, stafett 3x10 km

DNF	Førde IL
-----	----------

Kvinner, stafett 3x5 km

Nr. 45 Førde IL
(Karoline Holsen Kyte, Ane Brekke og Gyrid Øygard)

Junior-NM 2018**Klassisk****Kvinner 17 år**

Nr. 49 Gyrid Øygard, Førde IL

Kvinner 18 år

Nr. 23 Ane Brekke, Førde IL
Nr. 54 Synneva Iren Kvile, Førde IL
DNS Maria Lund, Kaupanger IL

Kvinner 19-20 år

Nr. 67 Inga Kårstad Skaar, Førde IL

Herrar 17 år

Nr. 80 Bjørn Borkamo, Gaular IL

Herrar 18 år

Nr. 21 Simon H. Kirkeeide, Markane IL
Nr. 27 Eskil Hov, Kaupanger IL
Nr. 109 Even Nesgård, Fj./ Vereide IL
Nr. 123 Lars Øvrebø, Gaular IL

Herrar 19-20 år

Nr. 39 Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL
Nr. 50 Brage B. Sunde, Førde IL
Nr. 95 Andreas B. Fugle, Førde IL
Nr. 142 Torstein B. Blikra, Gaular IL
Nr. 200 Eirik Nordeide Berg, Førde IL
DNF Jon Rolf S. Hope, Hyen IL

Friteknikk**Kvinner 17 år**

Nr. 18 Gyrid Øygard, Førde IL

Kvinner 18 år

Nr. 30 Ane Brekke, Førde IL
Nr. 32 Synneva Iren Kvile, Førde IL
DNS Maria Lund, Kaupanger IL

Kvinner 19-20 år

Nr. 60 Inga Kårstad Skaar, Førde IL

Herrar 17 år

Nr. 188 Bjørn Borkamo, Gaular IL

Herrar 18 år

Bronse Simon H. Kirkeeide, Markane IL
Nr. 51 Eskil Hov, Kaupanger IL
Nr. 75 Lars Øvrebø, Gaular IL
Nr. 105 Even Nesgård, Fj./ Vereide IL
DNF Trygve Johan Frisk Brendehaug, Syril IL

Herrar 19-20 år

Nr. 5	Jon Rolf S. Hope, Hyen IL
Nr. 53	Brage B. Sunde, Førde IL
Nr. 105	Andreas B. Fugle, Førde IL
Nr. 107	Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL
Nr. 148	Torstein B. Blikra, Gaular IL
Nr. 221	Eirik Nordeide Berg, Førde IL

Sprint klassisk**Kvinner 17 år**

Nr. 72	Gyrid Øygard, Førde IL
--------	------------------------

Kvinner 18 år

Nr. 66	Maria Lund, Kaupanger IL
--------	--------------------------

Kvinner 19-20 år

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Herrar 17 år

Nr. 130	Bjørn Borkamo, Gaular IL
---------	--------------------------

Herrar 18 år

Nr. 20	Simon H. Kirkeeide, Markane IL
Nr. 57	Eskil Hov, Kaupanger IL
Nr. 145	Trygve Johan Frisk Brendehaug, Syril IL
Nr. 149	Even Nesgård, Fj./ Vereide IL
Nr. 153	Lars Øvrebø, Gaular IL

Herrar 19-20 år

Nr. 14	Jon Rolf S. Hope, Hyen IL
Nr. 80	Brage Burø Sunde, Førde IL
Nr. 135	Vetle Uhre Hammersvik, Førde IL
Nr. 174	Torstein B. Blikra, Gaular IL
Nr. 187	Andreas B. Fugle, Førde IL
Nr. 198	Andreas Mjelstad, Syril IL
Nr. 212	Eirik N. Berg, Førde IL

Stafett, herrer

Nr. 20	Sogn og Fjordane Skikrins 1 (Brage Burø Sunde, Eskil Hov, Jon Rolf S. Hope og Vetle Uhre Hammersvik)
Nr. 61	Sogn og Fjordane Skikrins 2 (Andreas Bjørvik Fugle, Torstein B. Blikra, Bjørn Borkamo og Lars Øvrebø)
Nr. 113	Sogn og Fjordane Skikrins 3 (Even Nesgård, Eirik N. Berg, Håvard Støen Gussiås og Trygve Johan Frisk Brendehaug)

Stafett, kvinner

Nr. 35	Sogn og Fjordane Skikrins 1 (Inga Kårstad Skaar, Ane Brekke, Synneva Iren Kvile og Gyrid Øygard)
--------	---

Hovudlandsrennet 2018**Klassisk****Jenter 15 år**

Nr. 7	Emilie Flo Stavik, Markane IL
Nr. 12	Maren Hjelmeset Kirkeeide, Markane
Nr. 142	Hedda Kleiven Eikeset, Førde IL
Nr. 151	Kristina Skaflestad Hegrenes, Førde IL

Jenter 16 år

Nr. 86	Oda Hov, Kaupanger IL
Nr. 113	Gunn Kristi Tvinnereim, Hardbagg IL
Nr. 136	Henriette Skaflestad Hegrenes, Førde IL

Gutar 15 år

Nr. 157	Olaus Orheim Mundal, Sogndal IL
Nr. 235	Steffen Sjøvold-Igelkjøn, Førde IL

Gutar 16 år

Nr. 70	Hjalmar Michelsen, Syril IL
Nr. 99	Thristan E. Ullebø, Førde IL
Nr. 120	Oliver Bosdal Thorsen, Førde IL
Nr. 129	Oskar G. Breivik, Markane IL
Nr. 176	Ivar Nistad, Gaular IL
Nr. 181	Ulvar Tufte, Sogndal IL
Nr. 207	Håkon Aa Albretsen, Kaupanger IL

Sprint friteknikk**Jenter 15 år**

Sølv	Emilie Flo Stavik, Markane IL
Nr. 10	Maren Hjelmeset Kirkeeide, Markane
Nr. 177	Hedda Kleiven Eikeset, Førde IL
Nr. 181	Kristina Skaflestad Hegrenes, Førde IL

Jenter 16 år

Nr. 27	Gunn Kristi Tvinnereim, Hardbagg IL
Nr. 95	Oda Hov, Kaupanger IL
Nr. 156	Henriette Skaflestad Hegrenes, Førde IL

Gutar 15 år

Nr. 146	Thomas Sæten, Hyen IL
Nr. 175	Olaus Orheim Mundal, Sogndal IL
Nr. 203	Steffen Sjøvold-Igelkjøn, Førde IL

Gutar 16 år

Nr. 23	Oskar G. Breivik, Markane IL
Nr. 157	Ivar Nistad, Gaular IL
Nr. 105	Thristan E. Ullebø, Førde IL
Nr. 133	Hjalmar Michelsen, Syril IL
Nr. 153	Oliver Bosdal Thorsen, Førde IL
Nr. 197	Håkon Aa Albretsen, Kaupanger IL
Nr. 236	Ulvar Tufte, Sogndal IL

Stafett jenter

Nr. 14	Sogn og Fjordane Skikrins 1 (Oda Hov, Maren Hjelmeset Kirkeeide, Gunn Kristi Tvinnereim og Emilie Flo Stavik)
--------	--

Stafett gutar

Nr. 32 Sogn og Fjordane Skikrins 1
(Oliver Bosdal Thorsen, Hjalmar Michelsen, Ivar Nistad og Thristan E. Ullebø)

Nr. 88 Sogn og Fjordane Skikrins 2
(Steffen Sjøvold-Igelkjøn, Ulvar Tufte, Olaus Orheim Mundal og Håkon Aa Albretsen)

Krinsmeistrar 2018**KM friteknikk, arr. Førde IL**

G13 Torje Seljeset, Markane IL
 J13 Oddrun Hjelmeset Kirkeeide, Markane IL
 G14 Andreas Tefre, Førde IL
 J14 Ann Kristin Aaland, Hardbagg IL
 G15 Tord Sølvberg, Vetten IL
 J15 Emilie Flo Stavik, Markane IL
 G16 Oskar Guddal Breivik, Markane IL
 J16 Gunn Kristi Tvinnereim, Hardbagg IL
 M17 Martin Aaland, Hardbagg IL
 K17 Gyrid Øygard, Førde IL
 M18 Simon Hjelmeset Kirkeeide, Markane IL
 K18 Ane Brekke, Førde IL
 M19/20 Jon Rolf S. Hope, Hyen IL
 K19/20 Ingen deltakarar
 M. sr. Hallvard S. Evjestad, IL Bjørn
 K. sr. Bodil Ryste, gaular IL

KM Skicross/ sprint friteknikk, arr. Eid IL

G13 Magnus Furnes Degnepoll, Førde IL
 J13 Ada Johanne Borgund, Eid IL
 G14 Ingebrigt N. Hjelle, Eid IL
 J14 Mali Monica Engesæter, Førde IL
 G15 Gard Reppen Vigdal, Jotun IL
 J15 Hedda Kleiven Eikeset, Førde IL
 G16 Thristan Engebø Ullebø, Førde IL
 J16 Oda Hov, Kaupanger IL
 M17 Øystein Støfring, Førde IL
 K17 Ingen deltakarar
 M18 Eskil Hov, Kaupanger IL
 K18 Maria Lund, Kaupanger IL
 M19/20 Andreas Hetle, Breimsbygda IL
 K19/20 Ingen deltakarar
 M. sr. Ingen deltakarar
 K. sr. Ingen deltakarar

KM klassisk, arr. Eid IL

G13 Sigve Hafstad Ottesen, Førde IL
 J13 Johanne Støfring, Førde IL
 G14 Anton Tveito, Kaupanger IL
 J14 Mali Monica Engesæter, Førde IL
 G15 Olaus Orheim Mundal, Sogndal IL
 J15 Hedda Kleiven Eikeset, Førde IL
 G16 Thristan E. Ullebø, Førde IL
 J16 Oda Hov, Kaupanger IL
 M17 Øystein Støfring, Førde IL
 K17 Gyrid Øygard, Førde IL

M18	Simon Hjelmeset Kirkeeide, Markane IL
K18	Ane Brekke, Førde IL
M19/20	Andreas Hetle, Breimsbygda IL
K19/20	Inga Kårstad Skaar, Førde IL
M. UK	Ivar Ulvedal, Vetten IL
M. sr.	Reinar Aaland, Hornindal IL
K. sr.	Ingen deltakarar
M. vet.	Ola Hegrenes, Førde IL

RESULTAT SESONGEN 2019

Senior-NM 2019

Herrar, 15 km klassisk

Nr. 36 Jon Rolf Skamo Hope, Hyen IL

Kvinner, 10 km klassisk

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Herrar, sprint friteknikk

Nr. 7 Gjøran Tefre, Førde IL

Nr. 22 Torstein Bu, Førde IL

Kvinner, sprint friteknikk

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Herrar, 30 km skiathlon

Nr. 33 Jon Rolf Skamo Hope, Hyen IL

Nr. 36 Torstein Bu, Førde IL

Kvinner, 15 km skiathlon

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Herrar, 10 km friteknikk (junior og senior)

Nr. 31 Jon Rolf S. Hope, Hyen IL

Nr. 110 Gjøran Tefre, Førde IL

Nr. 343 Bjørn Borkamo, Gaular IL

Nr. 379 Erlend Bakken, Vetten IL

Kvinner, 5 km friteknikk (junior og senior)

Nr. 138 Ane Brekke, Førde IL

Nr. 229 Bertine T. Lefdal, IL Bjørn

Nr. 234 Gyrid Øygard, Førde IL

Herrar, 50 km klassisk

Nr. 17 Gjøran Tefre, Førde IL

Nr. 21 Jon Rolf S. Hope, Hyen IL

Kvinner, 30 km klassisk

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Herrar, lagsprint

Ingen lag frå Sogn og Fjordane

Kvinner, lagsprint

Ingen lag frå Sogn og Fjordane

Herrar, stafett 3x10 km

- Nr. 13 Førde IL
(Gjørán Tefre, Sindre Hoff og Torstein Bu)
- Nr. 60 Gaular IL
(André Haugsbø, Bjørn Borkamo og Lars Øvrebø)

Kvinner, stafett 3x5 km

Ingen lag frå Sogn og Fjordane

Junior-NM 2019**Klassisk****Kvinner 17 år**

- Nr. 71 Oda Hov, Kaupanger IL
Nr. 88 Stina Hillestad, Hafslø IL

Kvinner 18 år

- Nr. 61 Gyrid Øygard, Førde IL

Kvinner 19-20 år

- Nr. 28 Ane Brekke, Førde IL
Nr. 68 Synneva Iren Kvile, Førde IL
Nr. 92 Maria Lund, Kaupanger IL

Herrar 17 år

- Nr. 15 Thristan Engebø Ullebø, Førde IL
Nr. 51 Oliver Bosdal Thorsen, Førde IL
Nr. 92 Hjalmar Michelsen, Syril IL
Nr. 159 Ivar Nistad, Gaular IL

Herrar 18 år

- Nr. 73 Bjørn Borkamo, Gaular IL

Herrar 19-20 år

- Nr. 85 Eskil Hov, Kaupanger IL
Nr. 121 Lars Øvrebø, Gaular IL
Nr. 128 Even Nesgård, Fj./ Vereide IL
Nr. 205 Eirik Nordeide Berg, Førde IL

Friteknikk**Kvinner 17 år**

- Nr. 70 Oda Hov, Kaupanger IL
Nr. 87 Stina Hillestad, Hafslø IL

Kvinner 18 år

- Nr. 26 Gyrid Øygard, Førde IL

Kvinner 19-20 år

- Nr. 39 Ane Brekke, Førde IL
DNF Maria Lund, Kaupanger IL

Herrar 17 år

- Nr. 50 Thristan Engebø Ullebø, Førde IL
Nr. 58 Oliver Bosdal Thorsen, Førde IL
Nr. 82 Hjalmar Michelsen, Syril IL
Nr. 133 Ivar Nistad, Gaular IL

Herrar 18 år

Nr. 31 Bjørn Borkamo, Gaular IL

Herrar 19-20 år

Nr. 66 Eskil Hov, Kaupanger IL
 Nr. 87 Lars Øvrebø, Gaular IL
 Nr. 119 Even Nesgård, Fj./ Vereide IL
 Nr. 191 Eirik Nordeide Berg, Førde IL

Sprint friteknikk**Kvinner 17 år**

Nr. 80 Oda Hov, Kaupanger IL

Kvinner 18 år

Nr. 56 Gyrid Øygard, Førde IL

Kvinner 19-20 år

Nr. 81 Synneva Iren Kvile, Førde IL
 Nr. 90 Maria Lund, Kaupanger IL

Herrar 17 år

Nr. 68 Ivar Nistad, Gaular IL
 Nr. 81 Thristan Engebø Ullebø, Førde IL
 Nr. 99 Hjalmar Michelsen, Syril IL
 Nr. 126 Oliver Bosdal Thorsen, Førde IL
 Nr. 166 Ulvar Tufte, Sogndal IL

Herrar 18 år

Nr. 71 Bjørn Borkamo, Gaular IL
 Nr. 140 Vegard Eikevik, Sogndal IL
 Nr. 145 Sebastian Tveit, Førde IL

Herrar 19-20 år

Nr. 12 Simon H. Kirkeeide, Markane IL
 Nr. 27 Erlend Henjesand, Syril IL
 Nr. 75 Eskil Hov, Kaupanger IL
 Nr. 103 Andreas Mjelstad, Syril IL
 Nr. 143 Lars Øvrebø, Gaular IL
 Nr. 190 Eirik N. Berg, Førde IL

Stafett, herrer

Nr. 49 Sogn og Fjordane Skikrins 1
 (Eskil Hov, Thristan Engebø Ullebø, Bjørn Borkamo og Lars Øvrebø)

Nr. 66 Sogn og Fjordane Skikrins 2
 (Hjalmar Michelsen, Oliver Bosdal Thorsen, Even Nesgård og Ivar Nistad)

Stafett, kvinner

Nr. 42 Sogn og Fjordane Skikrins 1
 (Synneva Iren Kvile, Oda Hov, Gyrid Øygard og Ane Brekke)

Hovudlandsrennet 2019**Friteknikk****Jenter 15 år**

Nr. 6 Ann Kristin Aaland, Hardbagg IL

Nr. 96	Oda Sønnesynd, IL Bjørn
Nr. 106	Mali Monica Engesæter, Førde IL
Nr. 116	Linnea Otternes Lundekvam, Førde IL
Nr. 140	Sigrld Orheim Mundal, Sogndal IL
Nr. 168	Lydia Årdal, Jølster IL

Jenter 16 år

Nr. 12	Maren Hjelmeset Kirkeeide, Markane
Nr. 24	Emilie Flo Stavik, Markane IL
Nr. 136	Kristina Skaflestad Hegrenes, Førde IL

Gutar 15 år

Nr. 73	Elias Amsrud Husa, Førde IL
Nr. 91	Ingebrigt Nes Hjelle, Eid IL
Nr. 138	Thomas Tefre, Førde IL
Nr. 253	Martin Espe, Førde IL
Nr. 287	August Da Silva Sveen, Jotun IL

Gutar 16 år

Nr. 34	Magnus Skeide Bakke, Eid IL
Nr. 119	Kasper Mundal, Stårheim IL
Nr. 136	Gard Reppen Vigdal, Jotun IL
Nr. 171	André Aske Granheim, Fjellhug/Vereide IL
Nr. 239	Olaus Orheim Mundal, Sogndal IL
Nr. 242	Steffen Sjøvold-Igelkjøn, Førde IL

Sprint klassisk**Jenter 15 år**

Nr. 112	Mali Monica Engesæter, Førde IL
Nr. 116	Linnea Otternes Lundekvam, Førde IL
Nr. 121	Oda Sønnesynd, IL Bjørn
Nr. 126	Sigrld Orheim Mundal, Sogndal IL
Nr. 158	Lydia Årdal, Jølster IL

Jenter 16 år

Nr. 16	Maren Hjelmeset Kirkeeide, Markane
Nr. 59	Emilie Flo Stavik, Markane IL
Nr. 163	Kristina Skaflestad Hegrenes, Førde IL

Gutar 15 år

Nr. 94	Ingebrigt Nes Hjelle, Eid IL
Nr. 96	Elias Amsrud Husa, Førde IL
Nr. 245	Thomas Tefre, Førde IL
Nr. 257	Martin Espe, Førde IL
Nr. 281	August Da Silva Sveen, Jotun IL

Gutar 16 år

Nr. 104	Magnus Skeide Bakke, Eid IL
Nr. 186	Olaus Orheim Mundal, Sogndal IL
Nr. 194	Gard Reppen Vigdal, Jotun IL
Nr. 200	André Aske Granheim, Fjellhug/Vereide IL
Nr. 217	Kasper Mundal, Stårheim IL
Nr. 229	Steffen Sjøvold-Igelkjøn, Førde IL

Stafett jenter

Nr. 16	Sogn og Fjordane Skikrins 1 (Maren Hjelmeset Kirkeeide, Kristina Skaflestad Hegrenes, Ann Kristin Aaland og Emilie Flo Stavik)
--------	---

Nr. 64 Sogn og Fjordane Skikrins 2
(Linnea Otternes Lundekvam, Sigrid Orheim Mundal, Mali Monica Engesæter og Oda Sønnesyn)

Stafett gitar

Nr. 42 Sogn og Fjordane Skikrins 1
(Gard Reppen Vigdal, Ingebrigt Nes Hjelle, Kasper Mundal og Magnus Skeide Bakke)

Nr. 69 Sogn og Fjordane Skikrins 2
(André Aske Granheim, Elias Amsrud Husa, Thomas Tefre og Olaus Orheim Mundal)

Nr. 108 Sogn og Fjordane Skikrins 3
(Steffen Sjøvold-Igelkjøn, August Da Silva Sveen, Martin Espe og Jørgen Vatshelle Halvorsen)

Krinsmeistrar 2019

KM friteknikk, arr. Førde IL

G13 Niklas Bosdal Thorsen, Førde IL
J13 Mathea Kjelstad Lilleby, Gaular IL
G14 Sigve Hafstad Ottesen, Førde IL
J14 Guri Line Brekke, Førde IL
G15 Andreas Tefre, Førde IL
J15 Mali Monica Engesæter, Førde IL
G16 Gard Reppen Vigdal, Jotun IL
J16 Kristina Skaflestad Hegrenes, Førde IL
M17 Oliver Bosdal Thorsen, Førde IL
K17 Oda Hov, Kaupanger IL
M18 Bjørn Borkamo, Gaular IL
K18 Gyrid Øygard, Førde IL
M19/20 Eskil Hov, Kaupanger IL
K19/20 Inga Kårstad Skaar, Førde IL
M. sr. Roger Øye Pollen, Førde IL
K. sr. Bodil Ryste, Gaular IL
M vet. Ola Hegrenes, Førde IL

KM Skicross/ sprint friteknikk, arr. Førde IL

G13 Niklas Bosdal Thorsen, Førde IL
J13 Ingen deltakarar
G14 Magnus Furnes Degnepoll, Førde IL
J14 Guri Line Brekke, Førde IL
G15 Ingebrigt Nes Hjelle, Eid IL
J15 Mali Monica Engesæter, Førde IL
G16 Gard Reppen Vigdal, Jotun IL
J16 Ingen deltakarar
M17 Oliver Bosdal Thorsen, Førde IL
K17 Oda Hov, Kaupanger IL
M18 Bjørn Borkamo, Gaular IL
K18 Gyrid Øygard, Førde IL
M19/20 Erlend Henjesand, Syril IL
K19/20 Ingen deltakarar
M. sr. Kjetil Husevåg Strømmen, Førde IL
K. sr. Ingen deltakarar

KM klassisk, arr. Førde IL

G13 Isak Bøthun, Sogndal IL

J13	Mathea Kjelstad Lilleby, Gaular IL
G14	Sigve Hafstad Ottesen, Førde IL
J14	Guri Line Brekke, Førde IL
G15	Ingebrigt Nes Hjelle, Eid IL
J15	Mali Monica Engesæter, Førde IL
G16	Gard Reppen Vigdal, Jotun IL
J16	Kristina Skaflestad Hegrenes, Førde IL
M17	Ulvar Tufte, Sogndal IL
K17	Oda Hov, Kaupanger IL
M18	Øystein Støfring, Førde IL
K18	Gyrid Øygard, Førde IL
M19/20	Eskil Hov, Kaupanger IL
K19/20	Inga Kårstad Skaar, Førde IL
M. sr.	Sindre Hoff, Førde IL
K. sr.	Bodil Ryste, Gaular IL
M. vet.	Kjell Olav Kusslid, Førde IL
K. vet.	Anne Therese Kusslid, Førde IL



Som første frå Sogn og Fjordane tok hyaren Jon Rolf Skamo Hope individuelt langrennsgull i junior-VM vinteren 2018 i Sveits.

Foto: NTB Scanpix

ÅRSMELDING

ALPINKOMITEEN 2017-2019

Leiar	Atle Hamar (-17.01.2018)	Jølster IL
Leiar	Per Asbjørn Felde (17.01.2018-)	Breimsbygda IL
Nestleiar	Per Asbjørn Felde (-17.01.2018)	Breimsbygda IL
Medlem	Magne Hofslundsengen	Sogndal IL
Medlem	Hege Venes	Sogndal IL
Medlem	Trude Dalset	Haugen IL
Medlem	Roger Ellingsund (14.05.2018-)	Jølster IL

Innleiing

Komiteen har gjennomført 6 møter i tingperioden, og leiar i komiteen er medlem i Skikrinsstyret. I tillegg er det gjennomført Vår- og Haustmøter.

Komiteen har vore representert på Norges Skiforbund sine Vår- og Haustmøter.

Alpinsporten har hatt ei fin sportsleg utvikling også i denne tingperioden, og det kjem stadig fleire løparar frå Sogn og Fjordane til FIS-systemet.

Spesielt må ein trekkje fram dei gode sportslege prestasjonane, både nasjonalt og internasjonalt, til Haugen-løparane Åge Solheim og Andrine Mårstøl og Jølster-løparen Andreas Strand.

Komiteen er oppteken av å arbeida både målretta og strategisk for å stimulera til godt samarbeid mellom klubbane og alpinkomiteen, med mål om å oppnå framgang og utvikling, samt sikre gode økonomiske rammer for alpinsporten i fylket.

Breiddeidrett

I tingperioden har deltakinga på treningsksamlingane til skikrinsen vore tilfredsstillande, men ein opplever store utfordringar med omsyn til rekrutteringsarbeidet lokalt og regionalt. Treningsksamlingane til alpinkomiteen er viktige både sportsleg og sosialt, og i tingperioden har komiteen lagt til rette for totalt 60 samlingsdøgn på barmark og ski kvar sesong.

Målet har vore å ha eit fullgodt lokalt tilbod for utøvarar i fylket, der ein ved bruk av lokale trenarar også skal bygge opp kompetansen lokalt i klubbane.

Skisamlingane til skikrinsen har funne stad på Juvass, Kvittfjell, Hafjell, Ål, i tillegg til dei fleste lokale anlegg i fylket. Vidare har ein gjennomført ei rekkje lokale barmarksamlingar.

I tillegg har komiteen lagt til rette for faste kveldstreningar for U12-U16 gjennom vinteren, hovudsakleg i Jølster Skisenter. Ein har også prøvd ut sonetreningar, med varierende oppslutnad, og vinteren 2019 la ein til rette for at krinstrenar reiste rundt på enkelt klubbtreningar. Ein dårleg snøvinter gjorde at det vart gjennomført færre tiltak enn planlagt.

I første del av tingperioden har ein hatt ein tilsett krinstrenar i alpint i 40% stilling, finansiert gjennom ein eigen samarbeidsavtale med Sparebanken Vest. Ressursen er nytta til å styrke arbeidet med fysisk trening, samt tilrettelegging av fleire skisamlingar lokalt.

Frå 2018 gjekk ein over til oppdragsbaserte avtalar med krinstrenarar og med eit enno meir omfattande samlingsopplegg.


Samlingsopplegget til alpinkomiteen er ein styrkje for alpinsporten i Sogn og Fjordane. Alle samlingar er opne, med definerte aldersgrupper, og opplegget stimulerer til eit godt og inkluderande alpinmiljø på tvers av klubbgrensene.

Generell sviktande rekruttering medfører også at ein må tenkje nytt i høve til aktivitetstilbodet i idrettslaga. Frå sesongen 2017-2018 vart rekrutteringsarrangementet

Fjord1 Cup erstatta med arrangementskonseptet *Young Attacking Vikings* (YAV), og vart terminlistefesta i alpinksomiteen si terminliste.

Dette er eit konsept som er utvikla av Norges Skiforbund for å bidra/ skape ein annleis treningsdag/ -kveld. Hovudfokus er å ufarleggjere alpinsporten, og lage ein arena som er spennande og motiverande for alle.

Konseptet vart gjennomført ved tre skisenter vinteren 2018 (Sogndal Skisenter, Jølster Skisenter og Breimsbygda Skisenter) i lag med dei lokale alpingruppene og fagpersonar frå Norges Skiforbund, og gjekk under namnet *Fjord1 Young Attacking Vikings*.



Frå Fjord1 Young Attacking Vikings ved Harpefossen Skisenter vinteren 2019.

Sesongen 2018-2019 vart Fjord1 Young Attacking Vikings gjennomført ved Harpefossen Skisenter i lag med Haugen IL og fagpersonar frå Norges Skiforbund. Her la ein parallelt til rette for eit «foreldrekurs» for å skape eit større foreldreengasjement i alpinbakken.

Erfaringane og tilbakemeldingane med konseptet er særst positive, og komiteen ynskjer å innarbeide konseptet i klubbane sin aktivitet.

Toppidrett

Noko av målsetjinga til alpinksomiteen er skape alpinistar som er rusta til å gå inn i FIS-systemet, og som tek steget frå skikrinsen til aktuelle skigymnas. Her det det verdt å nemne at Sogn og Fjordane Skikrins har eit formelt samarbeid med Oppdal Alpin Elite (styreplass i OAE).

Sogn og Fjordane Skikrins har i perioden vore opp i heile 13 FIS løparar, og av desse er det særleg Åge Solheim (Haugen IL), Andrine Mårstøl (Haugen IL) og Andreas Strand (Jølster IL) som har utmerka seg med fleire toppresultat.

I tillegg har følgjande løparar også representert fylket, og fleire av dei med gode resultat: Thomas Nornes (Sogndal IL), Reiel D. Felde (Breimsbygda IL), Jonas Henden Drageset (Olden IL), Emma Åsebø (Haugen IL), Jørgen A. Taklo (Jølster IL), Kristine L. Røysum (Sogndal IL), Sindre Myklebust (Sogndal IL), Andreas Røysum (Sogndal IL) og Tuva Hoff Nedrebø (Førde IL).

Resultata finn ein til slutt i komiteen si årsmelding.

Arrangement

Alpinksomiteen gjer ei løpande evaluering av arrangementavviklinga, Ein ser at ein lukkast med å få trene meir lokalt i sesongen når vi har justert ned antal terminfesta renn. Ein har også gode erfaringar med samarbeid med Hordaland på samlingar og kvalikk.renn.

Jobben vidare er å vidareutvikle rennavviklinga for dei yngste der ein får implementert eit meir «lågterskel tilbod» for dei yngste klassane (Young Attacking Vikings).



Frå Bilhuset Førde KM ved Sogn Skisenter vinteren 2019.

I 2019 hadde fleire klubbar vanskar med å avvikle klubbarrangement og terminfesta arrangement, då det var utfordrande snøtilhøve mange stader i fylket. I dette høvet må ein gje ekstra honnør til dei skisentera som har teke på seg fleire arrangement (konkurransar/ treningar) i ein elles vanskeleg skisesong.

Det er også verdt å merke seg at alpingruppa i Jølster IL er «fast» arrangør av FIS-renn i slalåm, og sjølv med vanskelege snøtilhøve vinteren 2019 fekk ein avvikla FIS-renna og Jr. I NM i slalåm.

Anlegg

Vêr- og klimautfordringane set stadig strengare krav til alpinanlegga i Sogn og Fjordane. Over fleire år har det vore fleire sesongar med driftsutfordringar for mange anlegg, enn dei snøsikre vintrane. Snøgrensa har trekt seg oppover, og framover må ein setje tydlegare krav til høgdemeter, samt snøsikker infrastruktur som veg og vasstilhøve for snøproduksjon. I høve til prioritering av nyanlegg må sikre snøtilhøve vektleggast, dvs. at investeringar i framtida bør skje 400-500 moh.

Elles gjennomførte skikrinsen eit anleggsseminar på Haustmøtet i 2018. Tema var korleis skianlegga kan utviklast ved marginale snøtilhøve, med fokus på snøproduksjon (drift og klimatilhøve) og tiltak for å bevare snøen i skianlegga.



Frå Sparebanken Vest AlpinCup i Jølster Skisenter vinteren 2019.
Foto: Jølster IL Alpin

Kompetanse

Alpinkomiteen har i tingperioden lagt til rette for kompetanseflyt mellom engasjerte trenarar på krinsnivå, og engasjerte klubbtrenarar/ foreldre (føresette). I tillegg har ein til dels lukkast med å vidareutvikle unge lokale trenarar. Dette har vore med å styrka den lokale

alpinksportens kompetansen i klubbane. I kommande planperiode må arbeidet med å styrke den lokale trenarkompetansen halde fram, då ein framleis har ein veg å gå i dette arbeidet.

I tillegg har komiteen lagt til rette for Trenar 1 og 2 kurs i lag med Norges Skiforbund på Juvass sommarstid (måtte avlysast grunna snøtilhøva), og TD 1 kurs lokalt.

Trenar 1 kurs, som vi hadde planar om å avvikle lokalt i perioden, har vi ikkje fått gjennomført. Noko av grunnen kan vere at den nye plattformen for Trenar 1 er meir omfattande (45 timar). Vi vil for kommande periode sjå på korleis vi kan få oppslutnad om Trenar 1 og Trenar 2 kurs, og i tillegg kva andre og kortare kurs vi kan tilby lokalt.

Parallelt med arrangementskonseptet Fjord1 Young Attacking Vikings la komiteen, i lag med Norges Skiforbund, til rette for eit «foreldrekurs». Målet med kurset er å skape eit større foreldreengasjement i alpinbakken ved å gjere foreldre tryggare til å bidra i bakken.

Økonomiske rammevilkår

Marknadsinntektene til alpinksportens komiteen har vore stabilt gode i tingperioden, og ein har vidareført samarbeidsavtalane med Sparebanken Vest, Fjord 1 og COOP Nordvest SA. I tillegg har ein etablert eit nytt samarbeid med Bilhuset Førde AS og Intersport Sogndal.

Markedsinntektene går omlag uavkorta til utøvarane. Og oppfølging av samarbeidsavtalane er ein viktig del av alpinksportens komiteen si verksemd.

Alpinksportens komiteen har levert eit positivt økonomisk resultat i 2017 og eit negativt resultat i 2018, m.a. fordi ein markedsavtale ikkje vart fornya før i 2019. Komiteen har ei omsetning på over kr. 1 mill. i året, og i tingperioden har ein årleg lagt opp til budsjett i balanse.

Informasjon og kommunikasjon

Den daglege informasjonen om alpinksporten regionalt og nasjonalt vert kommunisert gjennom Sogn og Fjordane Skikrins sine nettsider www.skikrinsen.no og delt på skikrinsens eiga Facebook-side.

Alpinksportens komiteen har i tillegg ei eiga Facebook-gruppe for informasjon og koordinering av samlingar, reise, logistikk m.m.

Elles vert rammene for terminlista lagt fram i samband med Vår møtet, og deretter sendt på høyring i laga. Terminlista vert endeleg handsama i samband med komiteen sitt Haustmøte.

Til slutt vil vi nytte høvet til å takke våre viktige samarbeidspartnarar: Sparebanken Vest, Fjord 1, Coop Nordvest SA, Bilhuset Førde AS, AVIS/ Fjordane Bilutleige og Intersport Sogndal.

Vi vil også takke alle frivillige og alpinanlegga som bidreg til alpinksporten i fylket.

Per Asbjørn Felde (s)

Leiar AK



Bilete frå KM ved Sogn Skisenter i 2019.

RESULTAT SESONGEN 2018**Senior-NM****Slalåm****Kvinner**

Nr. 15 Andrine Mårstøl, Haugen IL

Nr. 40 Emma Åsebø, Haugen IL

Storslalåm**Kvinner**

Nr. 15 Andrine Mårstøl, Haugen IL

DNS Emma Åsebø, Haugen IL

Super G**Kvinner**

Nr. 18 Andrine Mårstøl, Haugen IL

Super-kombi**Kvinner**

Nr. 11 Andrine Mårstøl, Haugen IL

Utfør**Kvinner**

Nr. 19 Andrine Mårstøl, Haugen IL

Slalåm**Menn**

Nr. 14 Andreas Strand, Jølster IL

Nr. 36 Thomas Nornes, Sogndal IL

DNF Åge Solheim, Haugen IL

DNF Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL

DNF Reiel D. Felde, Breimsbygda IL

Storslalåm**Menn**

Nr. 39 Andreas Strand, Jølster IL

Nr. 57 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL

Nr. 59 Reiel D. Felde, Breimsbygda IL

Nr. 68 Thomas Nornes, Sogndal IL

DNS Åge Solheim, Haugen IL

Super-G**Menn**

Nr. 26 Åge Solheim, Haugen IL

Nr. 75 Jonas Henden Drageset, Olden IL

Nr. 90 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL

Nr. 92 Thomas Nornes, Sogndal IL

Nr. 94 Reiel D. Felde, Breimsbygda IL

Super-kombi**Menn**

Nr. 35 Jonas Henden Drageset, Olden IL

Nr. 42 Thomas Nornes, Sogndal IL

DNF Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL

**Utfor
Menn**

Nr. 38 Jonas Henden Drageset, Olden IL
 Nr. 52 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
 Nr. 58 Thomas Nornes, Sogndal IL

NM U21**Slalåm
Kvinner**

Nr. 9 Andrine Mårstøl, Haugen IL

**Storslalåm
Kvinner**

Nr. 7 Andrine Mårstøl, Haugen IL

**Super-kombi
Kvinner**

Nr. 8 Andrine Mårstøl, Haugen IL

**Super-G
Kvinne**

Nr. 11 Andrine Mårstøl, Haugen IL

**Utfor
Kvinner**

Nr. 11 Andrine Mårstøl, Haugen IL

**Slalåm
Menn**

Nr. 5 Andreas Strand, Jølster IL

**Storslalåm
Menn**

Nr. 12 Andreas Strand, Jølster IL

**Super-kombi
Menn**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Super-G
Menn**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Utfor
Menn**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

NM U18**Slalåm
Kvinner**

Nr. 26 Emma Åsebø, Haugen IL
 DNF Kristine L. Røysum, Sogndal IL

**Storslalåm
Kvinner**

Nr. 25 Emma Åsebø, Haugen IL
 DNF Kristine L. Røysum, Sogndal IL

**Super-kombi
Kvinner**

Bronse Andrine Mårstøl, Haugen IL

**Super-G
Kvinner**

Bronse Andrine Mårstøl, Haugen IL

**Utfør
Kvinner**

Nr. 11 Andrine Mårstøl, Haugen IL

**Slalåm
Menn**

Nr. 19 Reiel D. Felde, Breimsbygda IL
Nr. 21 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
Nr. 24 Thomas Nornes, Sogndal IL

**Storlålåm
Menn**

Nr. 19 Reiel D. Felde, Breimsbygda IL
Nr. 27 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
Nr. 33 Thomas Nornes, Sogndal IL

**Super-kombi
Menn**

Nr. 21 Edvin Fonn Sårheim, Breimsbygda IL
Nr. 38 Jonas Henden Drageset, Olden IL
Nr. 63 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
Nr. 65 Thomas Nornes, Sogndal IL

**Super-G
Menn**

Nr. 70 Jonas Henden Drageset, Olden IL
Nr. 84 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
Nr. 87 Thomas Nornes, Sogndal IL
DNF Edvin Fonn Sårheim, Breimsbygda IL

**Utfør
Menn**

Nr. 20 Edvin Fonn Sårheim, Breimsbygda IL
Nr. 44 Jonas Henden Drageset, Olden IL
Nr. 61 Thomas Nornes, Sogndal IL
DNS Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL

Hovudlandsrennet 2018

**Utfør
Jenter 16**

Nr. 19 Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

**Utfør
Jenter 15**

Nr. 31 Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
Nr. 32 Sara Nygård, Førde IL

Utfør Gutar 16 Nr. 17 Nr. 38	Trym D. Lødøen, Haugen IL Jacob Frederic Goll-Rasmussen, Haugen IL
Utfør Gutar 15 Bronse	Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Super G Jenter 16 Nr. 21	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL
Super G Jenter 15 Nr. 26 Nr. 33	Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL Sara Nygård, Førde IL
Super G Gutar 16 Nr. 10 Nr. 47	Trym D. Lødøen, Haugen IL Jacob Frederic Goll-Rasmussen, Haugen IL
Super G Gutar 15 Nr. 6	Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Super-kombi Jenter 16 DNF	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL
Super-kombi Jenter 15 Nr. 28 Nr. 36	Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL Sara Nygård, Førde IL
Super-kombi Gutar 16 Nr. 42 DNF	Jacob Frederic Goll-Rasmussen, Haugen IL Trym D. Lødøen, Haugen IL
Super-kombi Gutar 15 Nr. 10	Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Storslalåm Jenter 16 DNS	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL
Storslalåm Jenter 15 Nr. 30 Nr. 31 DSQ	Ida Munthe Olsen, Sogndal IL Sara Nygård, Førde IL Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
Storslalåm Gutar 16 Nr. 32 DNF	Jacob Frederic Goll-Rasmussen, Haugen IL Trym D. Lødøen, Haugen IL

**Storslalåm
Gutar 15**

Nr. 26 Elias Helle Felde, Breimsbygda IL

**Slalåm
Jenter 16**

Nr. 16 Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

**Slalåm
Jenter 15**

Nr. 13 Ida Munthe Olsen, Sogndal IL
Nr. 15 Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
DNF Sara Nygård, Førde IL

**Slalåm
Gutar 16**

Nr. 36 Trym D. Lødøen, Haugen IL
Nr. 39 Jacob Frederic Goll-Rasmussen, Haugen IL

**Slalåm
Gutar 15**

Nr. 11 Elias Helle Felde, Breimsbygda IL

Telenorleikane 2018

**Super G
Jenter 14**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Super G
Jenter 13**

Nr. 11 Olianna Felde, Breimsbygda IL
Nr. 36 Siri Munthe Olsen, Sogndal IL

**Super G
Gutar 14**

Nr. 20 Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
Nr. 34 Johannes Gjerland, Jølster IL
Nr. 35 Johan Felde, Haugen IL
Nr. 48 Jan Henden Rand, Haugen IL
Nr. 53 Oliver S. Sæthre, Haugen IL

**Super G
Gutar 13**

Nr. 33 Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
Nr. 44 Mats Sørebo Hopland, Stryn T&IL

**Storslalåm
Jenter 14**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

**Storslalåm
Jenter 13**

Nr. 21 Olianna Felde, Breimsbygda IL
Nr. 36 Siri Munthe Olsen, Sogndal IL
Nr. 42 Emilie Skrede, Jølster IL

Storslalåm**Gutar 14**

Nr. 23	Johan Felde, Haugen IL
Nr. 23	Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
Nr. 34	Johannes Gjerland, Jølster IL
Nr. 43	Jan Henden Rand, Haugen IL
Nr. 47	Oliver S. Sæthre, Haugen IL

Storslalåm**Gutar 13**

Nr. 18	Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
Nr. 56	Mats Sørebo Hopland, Stryn T&IL

Slalåm**Jenter 14**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Slalåm**Jenter 13**

Nr. 23	Olianna Felde, Breimsbygda IL
Nr. 46	Siri Munthe Olsen, Sogndal IL
DNF	Emilie Skrede, Jølster IL

Slalåm**Gutar 14**

Nr. 18	Johan Felde, Haugen IL
Nr. 29	Oliver S. Sæthre, Haugen IL
DNF	Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
DNF	Johannes Gjerland, Jølster IL
DSQ	Jan Henden Rand, Haugen IL

Slalåm**Gutar 13**

Nr. 13	Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
Nr. 37	Mats Sørebo Hopland, Stryn T&IL

Krinsmeistrar 2018**KM Slalåm, arr. Stryn T&IL**

Jenter U14	Julie Hagen Torvund, Førde IL
Gutar U14	Johannes Gjerland, Jølster IL
Jenter U16	Nora Indrebø, Førde IL
Gutar U16	Andreas Røysum, Sogndal IL
Menn U18	Daniel Hagen, Vetem IL
Menn H	Geir Nygård, Førde IL

KM Storslalåm, arr. Haugen IL

Jenter U14	Olianna Felde, Breimsbygda IL
Gutar U14	Johan Felde, Haugen IL
Jenter U16	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL
Gutar U16	Andreas Røysum, Sogndal IL
Kvinner U18	Hege Solheim, Haugen IL
Menn U18	Ivar Engeland, Haugen IL
Menn U21	Jørgen Hage Lambrecht, Førde IL
Menn H	Geir Nygård, Førde IL

KM Super G, arr. Jølster IL

Jenter U14	Siri Munthe Olsen, Sogndal IL
Gutar U14	Johannes Gjerland, Jølster IL
Jenter U16	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL
Gutar U16	Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Menn U18	Matias Årdal, Jølster IL
Menn U21	Samson Andreas Aas Wie, Førde IL
Menn A	Joar Sæten, Haugen IL

KM Super-kombi, arr. Jølster IL

Jenter U14	Olianna Felde, Breimsbygda IL
Gutar U14	Johan Felde, Haugen IL
Jenter U16	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL
Gutar U16	Andreas Røysum, Sogndal IL
Menn U21	Samson Andreas Aas Wie, Førde IL

KM Utfor, arr. Stryn T&IL

Jenter U14	Olianna Felde, Breimsbygda IL
Gutar U14	Oliver Stokkenes Sæthre, Haugen IL
Jenter U16	Sofie Årdal, Jølster IL
Gutar U16	Emil Henden Drageset, Olden IL
Menn U18	Jonas Henden Drageset, Olden IL
Menn U21	Mathias Hagen, IL Vetem
Kvinner A	Elise Lunde, Stryn T&IL
Menn A	Mats Engeland, Haugen IL
Menn Veteran	Trond Hafstad, Førde IL

RESULTAT SESONGEN 2019**Senior-NM****Slalåm****Kvinner**

Nr. 11	Andrine Mårstøl, Haugen IL
Nr. 45	Emma Åsebø, Haugen IL
Nr. 47	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

Storslalåm**Kvinner**

Nr. 45	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL
DNF	Andrine Mårstøl, Haugen IL
DNF	Emma Åsebø, Haugen IL

Super G**Kvinner**

Nr. 4	Andrine Mårstøl, Haugen IL
Nr. 39	Emma Åsebø, Haugen IL
Nr. 47	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

Super-kombi**Kvinner**

DNF	Andrine Mårstøl, Haugen IL
DNF	Emma Åsebø, Haugen IL
DNF	Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

Utfør**Kvinner**

Bronse
 Nr. 26
 Nr. 32

Andrine Mårstøl, Haugen IL
 Emma Åsebø, Haugen IL
 Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

Slalåm**Menn**

Nr. 32
 Nr. 35
 Nr. 39
 Nr. 45
 DNF
 DNF

Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
 Sindre Myklebust, Sogndal IL
 Thomas Nornes, Sogndal IL
 Andreas Røysum, Sogndal IL
 Andreas Strand, Jølster IL
 Reiel D. Felde, Breimsbygda IL

Storslalåm**Menn**

Nr. 41
 Nr. 43
 Nr. 57
 Nr. 58
 Nr. 66
 DNF

Sindre Myklebust, Sogndal IL
 Andreas Strand, Jølster IL
 Reiel D. Felde, Breimsbygda IL
 Andreas Røysum, Sogndal IL
 Thomas Nornes, Sogndal IL
 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL

Super-G**Menn**

Nr. 52
 Nr. 70
 Nr. 77
 Nr. 85

Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
 Reiel D. Felde, Breimsbygda IL
 Sindre Myklebust, Sogndal IL
 Andreas Røysum, Sogndal IL

Super-kombi**Menn**

Nr. 27
 Nr. 36

Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
 Andreas Røysum, Sogndal IL

Utfør**Menn**

Nr. 41
 Nr. 51

Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
 Andreas Røysum, Sogndal IL

NM U21**Slalåm****Kvinner**

Sølv
 DNF

Andrine Mårstøl, Haugen IL
 Emma Åsebø, Haugen IL

Storslalåm**Kvinner**

Gull
 Nr. 11

Andrine Mårstøl, Haugen IL
 Emma Åsebø, Haugen IL

Super-kombi**Kvinner**

DNF
 DNF

Andrine Mårstøl, Haugen IL
 Emma Åsebø, Haugen IL

Super-G**Kvinne**

Bronse

Nr. 21

Andrine Mårstøl, Haugen IL

Emma Åsebø, Haugen IL

Utfør**Kvinner**

Bronse

Nr. 13

Andrine Mårstøl, Haugen IL

Emma Åsebø, Haugen IL

Slalåm**Menn**

Nr. 19

Reiel D. Felde, Breimsbygda IL

Storslalåm**Menn**

DNF

Reiel D. Felde, Breimsbygda IL

Super-kombi**Menn**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Super-G**Menn**

Nr. 27

Reiel D. Felde, Breimsbygda IL

Utfør**Menn**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

NM U18**Slalåm****Kvinner**

Nr. 20

DNF

Kristine L. Røysum, Sogndal IL

Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

Storslalåm**Kvinner**

Nr. 22

Nr. 23

Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

Kristine L. Røysum, Sogndal IL

Super-G**Kvinner**

Nr. 17

Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

Utfør**Kvinner**

Nr. 11

Tuva Hoff Nedrebø, Førde IL

Slalåm**Menn**

Nr. 5

DNF

DNS

Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL

Sindre Myklebust, Sogndal IL

Andreas Røysum, Sogndal IL

Storslalåm**Menn**

Nr. 7

Sindre Myklebust, Sogndal IL

Nr. 16 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL

**Super-G
Menn**

Nr. 13 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
Nr. 18 Sindre Myklebust, Sogndal IL
Nr. 28 Andreas Røysum, Sogndal IL

**Utfor
Menn**

Nr. 6 Jørgen Aarøen Taklo, Jølster IL
Nr. 22 Sindre Myklebust, Sogndal IL
Nr. 23 Andreas Røysum, Sogndal IL

Hovudlandsrennet 2019

**Utfor
Jenter U16**

Nr. 44 Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
Nr. 49 Evita L. Brenden, Sogndal IL

**Utfor
Gutar U16**

Nr. 6 Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Nr. 46 Jan Henden Rand, Haugen IL
Nr. 55 Johan Felde, Haugen IL
Nr. 60 Oliver S. Sæthre, Haugen IL
Nr. 64 Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL

**Super G
Jenter U16**

Nr. 51 Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
Nr. 68 Evita L. Brenden, Sogndal IL

**Super G
Gutar U16**

Nr. 9 Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Nr. 58 Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
Nr. 71 Oliver S. Sæthre, Haugen IL
Nr. 85 Johan Felde, Haugen IL
DNF Jan Henden Rand, Haugen IL

**Super-kombi
Jenter U16**

Nr. 49 Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
Nr. 56 Evita L. Brenden, Sogndal IL

**Super-kombi
Gutar U16**

Nr. 5 Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Nr. 53 Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
Nr. 60 Oliver S. Sæthre, Haugen IL
Nr. 62 Johan Felde, Haugen IL
DNF Jan Henden Rand, Haugen IL

**Storslalåm
Jenter U16**

Nr. 52 Evita L. Brenden, Sogndal IL
Nr. 53 Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL

**Storslalåm
Gutar U16**

Nr. 14	Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Nr. 34	Johan Felde, Haugen IL
Nr. 45	Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
Nr. 50	Jan Henden Rand, Haugen IL
Nr. 55	Oliver S. Sæthre, Haugen IL

**Slalåm
Jenter U16**

Nr. 32	Evita L. Brenden, Sogndal IL
Nr. 34	Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL

**Slalåm
Gutar U16**

Nr. 31	Jan Henden Rand, Haugen IL
DNF	Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
DNF	Eivind Hofslundsengen, Sogndal IL
DNF	Johan Felde, Haugen IL
DNF	Oliver S. Sæthre, Haugen IL

Telenorleikane 2019

**Super G
Jenter 14**

Nr. 28	Ane Malen Myklebust, Sogndal IL
Nr. 47	Siri Munthe Olsen, Sogndal IL

**Super G
Jenter 13**

Nr. 6	Julia Felde, Haugen IL
-------	------------------------

**Super G
Gutar 14**

Nr. 37	Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
--------	---------------------------------

**Super G
Gutar 13**

Nr. 31	Oskar Ellingsund, Jølster IL
--------	------------------------------

**Storslalåm
Jenter 14**

Nr. 4	Ane Malen Myklebust, Sogndal IL
Nr. 44	Siri Munthe Olsen, Sogndal IL

**Storslalåm
Jenter 13**

Nr. 10	Julia Felde, Haugen IL
--------	------------------------

**Storslalåm
Gutar 14**

Nr. 26	Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
--------	---------------------------------

**Storslalåm
Gutar 13**

Nr. 14	Oskar Ellingsund, Jølster IL
--------	------------------------------

Slalåm**Jenter 14**

DNF Ane Malen Myklebust, Sogndal IL
DNF Siri Munthe Olsen, Sogndal IL

Slalåm**Jenter 13**

Nr. 2 Julia Felde, Haugen IL

Slalåm**Gutar 14**

DNF Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL

Slalåm**Gutar 13**

Nr. 26 Oskar Ellingsund, Jølster IL

Krinsmeistrar 2019**KM Slalåm, arr. Sogndal IL/ Hafslo IL**

Jenter U14 Ane Malen Myklebust, Sogndal IL
Gutar U14 Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
Jenter U16 Evita L. Brenden, Sogndal IL
Gutar U16 Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Menn A Thomas Nornes, Sogndal IL

KM Storslalåm, arr. Sogndal IL/ Hafslo IL

Jenter U14 Ane Malen Myklebust, Sogndal IL
Gutar U14 Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
Jenter U16 Kristin Hofslundsengen, Sogndal IL
Gutar U16 Elias Helle Felde, Breimsbygda IL
Menn A Thomas Nornes, Sogndal IL
Kvinner G Vibe Ørum Trautner, Sogndal IL
Kvinner F Tonje N. Tangerud, Sogndal IL

KM Super G, arr. Stryn T&IL

Jenter U14 Lise Hafstad, Førde IL
Gutar U14 Oskar Ellingsund, Jølster IL
Jenter U16 Julie Hagen Torvund, Førde IL
Gutar U16 Ingen deltakarar
Kvinner U18 Sofie Årdal, Jølster IL
Menn U18 Ivar Engeland, Haugen IL
Menn U21 Jonas Henden Drageset, Olden IL
Menn A Mats Engeland, Haugen IL
Menn Vet. Joar Sæten, Haugen IL

KM Utfor, arr. Stryn T&IL

Jenter U14 Lise Hafstad, Førde IL
Gutar U14 Håvard Aarøen Taklo, Jølster IL
Jenter U16 Julie Hagen Torvund, Førde IL
Gutar U16 Ingen deltakarar
Kvinner U18 Sofie Årdal, Jølster IL
Menn U18 Ivar Engeland, Haugen IL
Menn U21 Jonas Henden Drageset, Olden IL
Menn A Mats Engeland, Haugen IL
Menn Vet. Joar Sæten, Haugen IL

ÅRSMELDING

HOPP- OG KOMB. KOMITEEN 2017-2019

Leiar	Henning Sæthre	Sogndal IL
Nestleiar	Jan Inge Årdal	Jølster IL
Medlem	Jon Ove Lomheim	Hafslo IL
Medlem	Lars Kveen	Stryn T&IL
Medlem	Lars Brekke	Vik IL/NSDL

Innleiing

Komiteen har gjennomført 5 møter i tingperioden, og leiar i komiteen er medlem i Skikrinsstyret. I tillegg er det gjennomført Vår- og Haustmøter.

Leiar har delteke på Norges Skiforbund (NSF) sine Vår- og Haustmøter.

Hopp- og kombinertsporten er liten og miljøa sårbare, og desto meir gledeleg er det når utøvarar frå fylket hevdar seg både nasjonalt og internasjonalt. Honndølen Anders Fannemel er godt etablert på landslaget og i verdscupen, og er eit særskild viktig førebilete for unge utøvarar i fylket. I tillegg kjem det fram unge talent som 15-åringen Johannes Årdal (Jølster IL), som hevdar seg i toppen nasjonalt i si aldersklasse.

Generelt slit vi med å få dei yngre med i sporten. Dette har samanheng med at det ikkje er bygt hoppbakkar der folk bur, og at ein har utfordringar med å ha hoppklare bakkar. Målretta arbeid med etablering av mindre sentrumsnære plastbakkar blir viktig å halde fram dei neste åra.

Breiddeidrett

Det er blitt gjennomført fleire SFE hoppuskular og SFE cupar i fylket i tingperioden, og dette er viktige rekrutteringsarenaer.

Komiteen har lagt til rette for samlingar lokalt med lokale trenarressursar, og i tillegg har komiteen samarbeida med andre kretsar om deltaking på deira samlingar.

SFE-bakken blir nytta i samband med arrangement rundt i fylket, og er ein fin måte å vise fram og prøve hoppporten.

Toppidrett

Vi har Anders Fannemel som har etablert seg på landslaget og verdscupen. I tillegg har vi hatt fleire som har delteke på Solan Gundersen Vinterleker og Hovudlandsrennet for 15- og 16-åringar. Resultata finn ein til slutt i komiteen si årsmelding.

Vi har opp gjennom åra hatt fleire elevar/ utøvarar på NTG Lillehammer, og det er nødvendig om ein skal nå toppen. Dette gjer også miljøet sårbart. Ein set på kompetansen også her i fylket, og målet må vere å få fleire til å fortsette lokalt og dermed skape sterkare regionale og lokale miljø.

Arrangement

I perioden er det avvikla små og store lokale og regionale arrangement i fylket. Ein har klart å vidareføre SFEhopp Cup, og det er avvikla krinsrenn i hopp i Bjørkelibakkane og Kvamsbakkane. I tillegg har IL Vetten vore arrangør av norgesmeisterskap for junior i hopp og kombinert vinteren 2018.



Krinsmeisterskap i hopp og kombinert 2019 i Kvamsbakkane på Hafslø.
Foto: Hafslø IL

Anlegg

Gode og mindre hoppbakkar er den største utfordringa for hoppporten på anleggssida, i tillegg til plastlegging og utstyr til preparering. Dette gjeld særleg bakkar opp til K70.

Ved Sogn Skisenter har det i perioden blitt arbeida med å etablere tre hoppbakkar (K10, K19 og K45), der K19 og mindre vert tilrettelagt som mest mogleg heilårsanlegg.

Ein har også jobba med å etablere sentrumsnære heilårs rekrutteringsbakkar med plast i Førde, Stryn og Sogndal. Lengst har ein komme i Førde der arbeidet er i gong med etablering av ein K10 bakke i Hafstadparken. I Stryn er ein i planleggingsfasen for ein K8 bakke i sentrum.

Kompetanseutvikling

God og riktig kompetanse er viktig i arbeidet med å legge til rette for aktivitet i klubbane. Komiteen prøver å motivere fleire til å ta trenarutdanning, samstundes som det er viktig å ta vare på og sikre at trenarane vi har i dag også får fagleg påfyll.

I kommande tingperiode må komiteen jobbe for å legge til rette for Trener 1 kurs lokalt.

Økonomiske rammevilkår

Vi har vore svært heldige å ha ein god støttespelar gjennom Sogn og Fjordane Energi (SFE). Dette samarbeidet gjev oss stabilitet i arbeidet med å rekruttere fleire inn i hopp- og kombinertsporten, og å få fram fleire gode hopp- og kombinertutøvarar frå fylket.

Informasjon og kommunikasjon

Den daglege informasjonen om hoppporten regionalt og nasjonalt vert kommunisert gjennom Sogn og Fjordane Skikrins sine nettsider www.skikrinsen.no og delt på skikrinsen si eiga Facebook-side.

Hopp- og kombinertkomiteen har i tillegg ei eiga Facebook-gruppe for informasjon og koordinering av samlingar, renn m.m.

Elles vert rammene for terminlista lagt fram i samband med Vårmetet. Terminlista vert endeleg handsama i samband med komiteen sitt Haustmøte.

Oppsummering

Utfordringar er store for hopp- og kombinertsporten i Sogn og Fjordane, men vi ser at utvikling av nye og tidsriktige anlegg gjev resultat. Vidare har ein von om at arbeidet med

anleggsutviklinga i fylket skal fortsette, og at Bjørkelibakkane etter kvart blir «komplett» med moderne heilårsspor og plast i K70, samt nytt hoppanlegg ved Sogn Skisenter.

Vi trur at riktig anleggsutvikling er det som skal til for å sikre rekrutteringa til hoppporten i fylket. Og med ei brei rekruttering, kan det også kome fleire nye topputøvarar frå Sogn og Fjordane.

Til slutt vil vi nytte høvet til å takke vår viktige samarbeidspartnar Sogn og Fjordane Energi.

Vi vil også takke alle frivillige som bidreg til hopp- og kombinertsporten i fylket.

Henning Sæthre (s)
Leiar HKK



Samling i Bjørkelibakkane hausten 2017.

RESULTAT SESONGEN 2018**Senior NM Hopp****Stor bakke**

Nr. 5 Anders Fannemel, Hornindal IL

Normal bakke

Nr. 4 Anders Fannemel, Hornindal IL

Junior NM Hopp

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane.

Senior NM Kombinert

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane.

Junior NM Kombinert

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Hovudlandsrennet**Hopp**

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Kombinert

Ingen deltakarar frå Sogn og Fjordane

Solan Gundersens Vinterleker**Hopp Gutar 13 år**

Nr. 18 Torje Seljeset, Hornindal IL

Nr. 20 Bård Inge Wangensteen, Hafslo IL

Hopp Gutar 14 år

Nr. 3 Johannes Årdal, Jølster IL

Kombinert Gutar 13 år

Nr. 5 Torje Seljeset, Hornindal IL

Kombinert Gutar 14 år

Nr. 9 Johannes Årdal, Jølster IL

Krinsmeistrar hopp, arr. IL Vetem

G13 Bård Inge Wangensteen, Hafslo IL

G14 Johannes Årdal, Jølster IL

G15 Erlend Sie, Hafslo IL

M sr. Henning S. Sæthre, Sogndal IL

M vet. 30-39 Arve Sæthre, Sogndal IL

M vet. 40-49 Torgeir Arne Herstad, Tambarskjelvar IL

M vet. 60-69 Jon Ove Lomheim, Hafslo IL

Krinsmeistrar kombinert, arr. IL Vetem

G13 Bård Inge Wangensteen, Hafslo IL

G14 Johannes Årdal, Jølster IL

G15 Erlend Sie, Hafslo IL

M sr. Henning S. Sæthre, Sogndal IL

M vet. 40-49 Torgeir Arne Herstad, Tambarskjelvar IL

RESULTAT SESONGEN 2019**Senior NM Hopp****Stor bakke**

Nr. 7 Anders Fannemel, Hornindal IL

Normal bakke

Nr. 7 Anders Fannemel, Hornindal IL

Junior NM Hopp

Ingen deltakere frå Sogn og Fjordane.

Senior NM Kombinert

Ingen deltakere frå Sogn og Fjordane.

Junior NM Kombinert

Ingen deltakere frå Sogn og Fjordane

Hovudlandsrennet**Hopp Gutar 15 år**

Sølv Johannes Årdal, Jølster IL

Hopp Gutar 16 år

Nr. 24 Erlend Sie, Hafslo IL

Kombicross Gutar 15 år

Nr. 5 Johannes Årdal, Jølster IL

Kombicross Gutar 16 år

Nr. 8 Erlend Sie, Hafslo I

Solan Gundersens Vinterleker**Hopp Gutar 14 år**

Nr. 10 Torje Seljeset, Hornindal IL

Kombinert Gutar 14 år

Nr. 6 Torje Seljeset, Hornindal IL

Krinsmeistrar hopp, arr. Hafslo IL

G13 Benjamin Afdal, Hafslo IL

J15 Oda Sønnesyn, Hafslo IL

G15 Johannes Årdal, Jølster IL

G16 Erlend Sie, Hafslo IL

M vet. Ove Fredheim, Hafslo IL

Krinsmeistrar kombinert, arr. Hafslo IL

G13 Gard Sønnesyn, Hafslo IL

J15 Oda Sønnesyn, Hafslo IL

G15 Johannes Årdal, Jølster IL

G16 Erlend Sie, Hafslo IL

M vet. Jon Ove Lomheim Hafslo



HANDLINGSPLAN

Sogn og Fjordane Skikrins

2019-2021

- 1) Visjon, verdier og hovudmål
- 2) Skiforbundet sin Utviklingsmodell
 - a) Utøvaren i sentrum
 - b) Innsatsområde
 - c) Skiforbundet sin Utviklingsmodell (SUM)
- 3) Handlingsplan Sogn og Fjordane Skikrins 19-21

1. VISJON VERDIAR OG HOVUDMÅL

Visjon og verdiar

Sogn og Fjordane Skikrins sitt arbeid skal bygge på det same verdifundamentet som idretten forøvrig.

Idretten sitt føremål er i Norges Idrettsforbund si lov uttrykt slik:

- *Arbeide for at alle menneske gis mulighet til å utøve idrett ut fra sine ønsker og behov.*
- *Være en positiv verdiskaper for individ og samfunn og dermed styrke sin posisjon som folkebevegelse og drivkraft i samfunnet.*

Norges Skiforbund (NSF) sin visjon er:

Mange, gode og glade skiløparar

Sogn og Fjordane Skikrins sitt arbeid skal pregast av:

Frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd.

All aktivitet i Sogn og Fjordane Skikrins skal bygge på verdiane:

Idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Sogn og Fjordane Skikrins sin politikk skal bygge på Norges Skiforbund sitt Skipolitiske Dokument 2016-2020.

Føremålsparagraf

Sogn og Fjordane Skikrins sitt føremål er å arbeide for skiidretten si utvikling innan krinsen, samt fremje samarbeidet med idrettslaga. Sogn og Fjordane Skikrins skal bistå Norges Skiforbund i alle spørsmål som gjeld skiidretten innan krinsen.

2. SKIFORBUNDET SIN UTVIKLINGSMODELL

Ved inngangen til planperioden 2016-2020 la Norges Skiforbund til grunn ein ny utviklingsmodell (SUM). Utviklingsmodellen dannar grunnlag for alle hovudmål og delmål i planperioden, og den dekkjer alle innsatsområde.

Utøveren i sentrum


Utvikling av skiutøveren skal gjerast i eit langsiktig utviklingsperspektiv. Derfor er det utøveren som er i sentrum for skiidretten sine mål, gitt i Skipolitisk dokument for perioden 2016-2020. For at ein utøvar skal kunne utvikle seg er det behov for trenarar, arrangement og anlegg som lagt til rette på ein slik måte utvikling kan skje gjennom eit livslangt idrettsliv.

Til saman utgjer elementa nærast utøveren kjerneverksemda for all verksemd, frå idrettslaget, via skikrins til skiforbundet.

Idrettslaga i Norges Skiforbund har gjennom klubbundersøkinga (gjennomført hausten 2005) gitt eit godt innblikk i skiidretten sine utfordringar, og har gitt skiforbundet ein retning for kva som er viktig for aktiviteten framover. Å behalde skiutøveren gjennom heile barne- og ungdomsperioden er eit uttalt mål. Dette må gjerast gjennom tilrettelegging av aktiviteten, også på ein måte som ikkje er økonomisk belastande.

Gjennom ein utviklingsbasert modell, Skiforbundet sin utviklingsmodell, skal det utviklast nye aktivitetstilbod som tek i vare medlemane sine moglegheiter til å drive breiddeidrett og toppidrett, på tvers av greiner og andre idrettar, tilrettelagt enkelt individet si økonomiske evne.

Innsatsområde



I modellen er utøveren i sentrum, medan kjerneverksemda for idrettslag, krins og forbund er knytt til følgjande innsatsområde:


- Trener/ leiar
- Arrangement
- Anlegg

Øvrige rammevilkår for skiidretten si verksemd er:

- Opplæring og utdanning
- Kommunikasjonsarbeid
- Økonomiske rammevilkår
- Internasjonalt arbeid (gjeld ikkje arbeidet på krinsnivå)
- Samhandling – på tvers i organisasjonen og mellom organisasjonar.

Skiforbundet sin Utviklingsmodell (SUM)

Skipolitisk Dokument (SPD) bygger på ein ny utviklingsmodell, SUM, som dannar grunnlaget for alle hovudmål og delmål i planperioden, og den dekkjer alle innsatsområder.



Modellen skal vere skiidretten sin raude tråd i kommande periode. Den gjev føringar for korleis framtida sin organisasjon, utøvarar, trenarar, leiarar, anlegg og arrangement skal vere.

Målet er at skiidretten skal legge til rette for flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg.

Detaljane om dei ulike nivåa i SUM, med tilhøyrande fargekodar, dannar grunnlaget for oppbygginga av både SPD og skikrinsen sin handlingsplan.

AKTIV START
Første møte med organisert idrett
Grunnleggande rørsler med og utan ski
Situasjons- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
Skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
Nybegynnerkurs for eldre eldre born
Karusellrenn kan vere rekruttering til aktivitet
Instruktørar, allidrettstrenarar, klubbtrenarar og foreldretrenarar
Nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

FUNdament
Mykje, variert og allsidig fysisk aktivitet
Innlæring av grunnleggande rørsler med og utan ski
Situasjons- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
Skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
Grunnkurs for eldre born, ungdom og vaksne
Deltaking i karusellrenn som motivasjon
Instruktørar, klubbtrenarar og foreldretrenarar
Nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

LÆR OG TRENE
Trening av grunnleggande dugleikar med og utan ski
Mykje variert aktivitet, gjerne i fleire idrettar
Trening med fokus på meistring og utvikling
Større fokus på trening framfor deltaking i konkurransar
Trening på sosiale dugleikar gjennom deltaking i idretten
Klubbtrening, og trening i samarbeid med andre særvidrettar eller andre idrettslag
Mykje variert trening, gjerne i fleire idrettar
Trening for eldre born, ungdom og vaksne utan fokus på konkurranse
Større fokus på trening framfor deltaking i konkurransar
Klubb-, sone-, og krinsrenn
Klubbtrenarar og foreldretrenarar
Nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner
TREN FOR Å TRENE
Meir fokus på greinspesifikk trening, med variert aktivitet og gjerne gjennom fleire idrettar
Bygge treningskultur, sosiale miljø, og i tillegg drive aktivitet for dei som berre ynskjer å trene
Individuell treningsoppfølging i høve til utviklingsalder
Fortsatt mest vekt på trening vs. konkurransar, men auke av tal konkurransar
Trenarar på høgt nivå
Internasjonale TD og dommarar
TREN FOR Å KONKURRERE
Heilskapleg utvikling av toppidrettsutøveren
Fokus på læring og utvikling gjennom konkurransar
Mykje spesialisert trening
FIS-renn, NM, Jr. NM, U23, YOG, EYOF
Homologerte konkurranseanlegg
Trenarar på høgt nivå
Internasjonale TD og dommarar
TRENE FOR Å VINNE
Utøvarar på høgt sportsleg nivå
Utviklingsorienterte utøvarar
OL, VM og verdscup
Nasjonalanlegg og homologerte konkurranseanlegg
Trenarar på høgt nivå
Internasjonale TD og dommarar
KONKURRERE PÅ SKI LIVET UT
Ungdom som ikkje ynskjer å konkurrere på høgt nivå skal få eit konkurransetilbod
Aktivitet gjennom trening i idrettslaget
Konkurransetilbod gjennom turrenn, master og fjelltelemark
AKTIV LIVET UT
Aktivitet gjennom breidde- og mosjonsidrett i idrettslaget
Fokus på trening i helseperspektiv
Utvikling av nye dugleikar gjennom deltaking på teknikk-kurs i regi av idrettslaget

3. HANDLINGSPLAN – SOGN OG FJORDANE SKIKRINS 19-21

Prioriterte mål og tiltak i Skipolitisk Dokument for Sogn og Fjordane Skikrins i perioden vår 2019 – vår 2021.

Innsatsområde: UTØVAR	
Nivå: AKTIV START, FUNdament, LÆR OG TRENE	
Mål: Skikrinsen skal implementere SUM i idrettslag i eigen krins slik at borna sitt første møte med skiidretten blir prega leik og glede, uavhengig av utviklingsnivå og alder.	
TILTAK	ANSV.
1. Legge til rette for 3 lågterskel opplæringstilbod for foreldre og andre skiinteresserte i ulike delar av fylket, med fokus på skileik/ basistrening (på tvers av grein) pr. år. Hjelp til arrangement sogn, sunnfjord, nordfjord	AU
2. I samarbeid med idrettslaga skal skikrinsen vidareføre prosjektet Utedagen ved grunnskular kvart år i planperioden	AU
3. Skikrinsen skal legge til rette for min. 2 (to) stk. ski- og snøsamlingar for funksjonshemma pr. år i planperioden.	AU
4. Skikrinsen skal legge til rette for min. 1 stk. basissamling pr. år i planperioden på tvers av skigreinene for unge utøvarar.	AU
5. Alpinkomiteen kan legge til rette for kompetansehevande tiltak i alpingrupper som har utfordringar med å skape aktivitet, dersom dei ynskjer bidrag på dette området.	AK
Nivå: TREN FOR Å KONKURRERE	
Mål: Skikrinsen skal oppmode til treningstilbod på tvers av greiner og idrettslag.	
TILTAK	ANSV.
1. Langrennskomiteen skal stimulere til fleire sonesarbeid, etter modellen til «Sogne-langrenn»	LK
Nivå: TREN FOR Å KONKURRERE	
Mål: Skikrinsen skal skape utviklingsmiljø på tvers mellom idrettslag i krinsen, og idrettslag på tvers av lagsgrensene.	
TILTAK	ANSV.
1. Alpinkomiteen skal arbeide for vidareføring av etablert samlingstilbod jf. ny modell	AK
2. Skikrinsen skal legge til rette for min. 1 stk. basissamling pr. år i planperioden på tvers av skigreinene for unge utøvarar.	AU
3. Alpinkomiteen skal, i planperioden, legge til rette for min. 1 stk. inspirasjonshelg for trenarar og føresette.	AK
4. Alpinkomiteen skal vidareføre samlingsbasert barmarksopplegg m/ krinstrenar, samt opplegg med ambulerande trenar vinterstid.	AK
5. Langrennskomiteen skal arbeide for vidareføring av Team Veidekke Vest	LK
6. Langrennskomiteen skal vidareføre satsinga på krinslaga med tilsvarande modell som føregåande år.	LK
7. Langrennskomiteen skal vidareføre samlingsopplegget knytt til Impulslaget (16 år).	LK
8. Hopp- og kombinertkomiteen skal arbeide for vidareføring av min. 3 stk. SFEhoppssamlingar i Bjørkelibakkane (og andre stadar i fylket) pr. år i planperioden.	HKK

Innsatsområde: ARRANGEMENT	
Nivå: AKTIV START, FUNdament, LÆR OG TRENE	
Mål: Skikrinsen skal implementere nye arrangementkonsept gjennom sonemøter, klubbesek og arrangørseminar.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsstyret skal legge føringar for implementering av nye arrangementkonsept (som t.d. skicross, «Sogn og Fjordane-leikane», treningshelg) i greinkomiteane sine terminlister.	AU
2. Hopp- og kombinertkomiteen skal legge til rette for min. 3 stk. (tre) lågterskel arrangement for føresette og utøvarar.	HKK
3. Alpinkomiteen skal terminfeste fleire lågterskel arrangementkonsept («Young Attacking Vikings»), t.d. parallellslålåm, snøcross etc.	AK
4. Langrennskomiteen skal stimulere laga til å avvike karusell-/ klubbrenn som skicross.	LK
4.1 Langrennskomiteen skal invitere ressurspersonar frå NSF til aktuelle arr. ses.	LK
4.2. I samband med tilrettelegging av anlegg (ref. pkt. 5.1) skal ein invitere med kringliggande lag til synfaring etc.	LK
Nivå: TREN FOR Å TRENE	
Mål: Skikrinsen si terminliste skal gje opning for konkurransefrie helgar i aldersbestemte klassar.	
TILTAK	ANSV.
1. Alpinkomiteen legg opp til ei rennfri helg på vinteren, der det blir lagt opp til trening-/aktivitetssamling.	AK
2. Langrennskomiteen legg opp til ei rennfri helg på vinteren, der det blir lagt opp til trening-/aktivitetssamling.	LK
TILTAK	ANSV.
Mål: Skikrinsen skal rettleie arrangørane slik at idrettslaga er i stand til å gjennomføre arrangement med fokus på effektivitet og høg aktivitet.	
1. Skikrinsstyret skal saman med greinkomiteane legge til rette for 1 stk. arrangør-/anleggseminar i planperioden.	AU
2. Alpinkomiteen leggje til rette for 1 stk. TD 1 kurs i planperioden.	AK
3. Langrennskomiteen skal leggje til rette for 1 stk. TD 1 kurs i planperioden.	LK
Nivå: AKTIV LIVET UT, KONKURRERE PÅ SKI LIVET UT	
Mål: Skikrinsen skal legge til rette for arrangementtilbod for medlemmar som ynskjer å delta, men ikkje nødvendigvis konkurrere.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal arbeide for utbreiing av randonee og telemark som skiaktivitet, m.a. gjennom etablering av eigne utval for telemark og randonee	AU

Innsatsområde: TRENAR	
Nivå: AKTIV START, FUNdament, LÆR OG TRENE	
Mål: Skikrinsen skal vere ein pådrivar for å gjennomføre trenarutdanning for idrettslaga sine trenarar, og implementere trenarløypa i all trenarutdanning.	
TILTAK	ANSV.
1. Alpinkomiteen skal legge til rette for «foreldrekurs» årleg i planperioden.	AK
2. Langrennskomiteen skal legge til rette for min. 3 stk. «foreldrekurs» årleg i planperioden.	LK
Nivå: TREN FOR Å TRENE	
Mål: Skikrinsen skal bidra til trenarsamarbeid på tvers av idrettslag og greiner.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal i samarbeid med idrettskrinsen og andre særkrinsar legge til rette for min. 1 stk. trenarseminar i planperioden.	AU
2. Hopp- og kombinertkomiteen skal legge til rette for min. 2 stk. inspirasjonssamlingar pr. år i planperioden.	HKK
Nivå: TREN FOR Å KONKURRERE	
Mål: Skikrinsen skal bidra til trenarutvikling for idrettslaga gjennom aktiv utdanningsutvikling.	
TILTAK	ANSV.
1. Alpinkomiteen skal leggje til rette for min. 1 stk. Trenar 1 kurs i planperioden.	AK
2. Alpinkomiteen skal leggje til rette for min. 1 stk. Trenar 2 kurs i planperioden.	AK
3. Langrennskomiteen skal leggje til rette for min. 1 stk. Trenar 1 kurs pr. år i planperioden.	LK
4. Langrennskomiteen skal leggje til rette for min. 1 stk. Trenar 2 kurs pr. år i planperioden.	LK
5. Hopp- og komb.komiteen skal leggje til rette for min. 1 stk. Trenar 1 kurs i planperioden.	HKK

Innsatsområde: ANLEGG	
Nivå: AKTIV START, FUNdament, LÆR OG TRENE	
Mål: Skikrinsen skal bistå idrettslaga med etablering av hensiktsmessige anlegg ut frå ei klassifisering av anleggstypar gjennom anleggsplanen.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsstyret skal legge til rette for 1 stk. arrangør-/ og anleggseminar i planperioden, der m.a. innhaldet skal vere retta mot korleis skianlegga kan utviklast ved marginale snøtilhøve.	AU
2. Hopp- og kombinertkomiteen skal arbeide for at det vert realisert fleire mindre sentrumsnære plastbakkar der det elles er lite snø.	HKK
3. Langrennskomiteen skal arbeide for at det vert etablert fleire område for skileik i allereie etablerte anlegg.	LK
4. Anleggskomiteen skal aktivt følgje opp arbeidet med universell utforming ved rehabilitering og nyetablering av anlegg.	AU
Nivå: TREN FOR Å TRENE	
Mål: Skikrinsen sin anleggsplan skal definere langsiktige anleggsbehov, og definere prioriterte område for konkurranseanlegg og tal anlegg i ulike kategoriar.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsstyret skal følgje opp arbeidet i anleggskomiteen knytt til utvikling/ revidering av Anleggsplan 2017-2021.	AU

Innsatsområde: OPPLÆRING OG UTDANNING	
UTØVAR	
Mål: Skikrinsen skal drive haldningsskapande arbeid, og bidra til at krinslag- og teamutøvarar blir sjølvstendige utviklingsorienterte utøvarar gjennom kompetansetiltak innan kosthald, ernæring, treningslære, organisasjonsforståelse, antidopingreglar, fair play, og andre relevante kurs i idretten.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsstyret skal følgje opp arbeidet i greinkomiteane med å formidle kompetanse innanfor aktuelle tverridrettslege område.	AU
2. Skikrinsstyret skal sikre at alle utøvarar knytt til krinslag skal ha gjennomført e-læringsmodulen «Ren Utøver».	AU
3. Langrennskomiteen skal legge til rette slik at alle utøvarar på krinslaga i langrenn gjennomfører e-læringsmodulen «Ren Utøver».	LK
4. Alpinkomiteen skal legge til rette slik at alle utøvarar i klasse U16 gjennomfører e-læringsmodulen «Ren Utøver».	AK
5. Langrennskomiteen skal legge til rette for min. 2 stk. tverridrettslege utdanningstiltak pr. år i planperioden. Tiltaka skal avviklast i samband med aktuelle krinssamlingar.	LK
6. Alpinkomiteen skal legge til rette for min. 2 stk. tverridrettslege utdanningstiltak pr. år i planperioden. Tiltaka skal avviklast i samband med aktuelle krinssamlingar.	AK
KLUBB	
Mål: Skikrinsen skal kartlegge idrettslaga sine behov, og på bakgrunn av det tilby utviklingskurs for klubb utvikling, leiarar og unge leiarar i idrettslaga.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal gjennomføre 4 klubbbesøk/ sonemøter pr. år i tingperioden. I framkant av møta skal ein kartlegge idrettslaga sine behov for utviklingstiltak.	AU
2. Skikrinsen skal vurdere å setje i verk prosess i klubb for utvikling av organisasjon og leiarar.	AU
3. Alpinkomiteen skal legge til rette for klubbbesøk/ sonemøter pr. år i tingperioden. I framkant av møta skal ein kartlegge idrettslaga sine behov for utviklingstiltak.	AK
4. Langrennskomiteen skal gjennomføre 6 klubbbesøk/ sonemøter pr. år i tingperioden. I framkant av møta skal ein kartlegge idrettslaga sine behov for utviklingstiltak.	LK
TRENARAR	
Mål: Skikrinsen skal tilby allidrettskurs, aktivitetsleiararkurs, trenarkurs 1 og 2, samt andre instruktørkurs.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal legge til rette for trenarkurs på sommarsnø på Sognefjellet og Juvass kvart år i planperioden (langrenn/ alpint)	AU

Innsatsområde: KOMMUNIKASJONSARBEID	
Klubb, medlemskontakt, intern kommunikasjon	
Mål: Skikrinsen skal bidra til aktiv medlemskontakt gjennom digitale kanalar.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen sin offisielle informasjonskanal skal vere www.skikrinsen.no	AU/GK
Mål: Skikrinsen skal syte for klubb- og medlemskontakt gjennom Vår- og Haustmøter.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal gjennomføre planmessige Vår- og Haustmøter (felles og grein)	AU/GK
Merkevare og omdøme	
Mål: Skikrinsen skal vere ein godt synleg idrettsaktør i fylket.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal utvikle ein marked- og mediestrategi	AU
2. Skikrinsen skal oppmode greinkomiteane å vere aktive i høve til lokale aviser, NRK Sogn og Fjordane, SoMe etc.	AU

Innsatsområde: ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR	
Kostnadsreduserende tiltak	
Mål: Skikrinsen skal aktivt arbeide for å redusere kostnadsnivået i skiidretten gjennom haldningsskapande arbeid i idrettslaga.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal arbeide for at forbudet mot bruk av fluorgli-produkt i aldersklassane under 16 år blir følgt opp.	AU
2. Skikrinsen skal følge opp facebook-sida «Kjøp og sal av brukt skiutstyr i Sogn og Fjordane».	AU
3. Skikrinsen skal arbeide for rimelege tilbod for innkvartering i samband med nasjonale renn og meisterskap.	AU
Offentlege midlar	
Mål: Skikrinsen skal sikre dei økonomiske rammevilkåra for idrettslaga og skianlegga gjennom politisk påvirkningsarbeid ovanfor fylkeskommunen og kommunane.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal, i samhandling med idrettskrinsen, arbeide for at det fylkeskommunale rammetilskotet til idretten i fylket vert auka.	AU
2. Skikrinsen skal arbeide for at idrettslaga og anleggseigarane utarbeidar gode prosjekt ved utvikling av skianlegg (ref. ordninga for spelemidlar).	AU
3. Skikrinsen skal arbeide for at prosjektet "Utedagen" vert vidarefinansiert med offentlege midlar – fylkeskommunen, Sparebankstiftinga	AU

Medie- og markedsinntekter	
Mål: Skikrinsen bør sikre sine markedsinntekter gjennom å arbeide med regionale samarbeidspartar.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal primært syte for god oppfølging av eksisterande samarbeidsavtalar med næringslivet.	AU/GK
2. Skikrinsen skal utvikle og føre vidare markedsarbeidet som ivaretek totaliteten i organisasjonen	AU/GK

Innsatsområde: SAMHANDLING	
Offentlege instansar	
Mål: Skikrinsen skal samarbeide med nærliggande skigymnas og høgskular knytta til kurs-, kompetanse-, og aktivitetsutvikling.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal samhandle med Sogndal vgs. og Stryn vgs./ landslinja om kompetanse- og aktivitetsutvikling i langrenn.	LK
2. Alpinkomiteen skal samarbeide med Oppdal Alpin Elite (Trøndelag fylkeskommune) m.o.t. utvikling av FIS-utøvarar og tilgang til trenarkrefter.	AK
Mål: Skikrinsen skal arbeide for å tilby skiaktivitet som ein del av idrettsaktiviteten i skuletida i eit samarbeid mellom idrettslag, skule og SFO/ AKS	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal vidareføre prosjektet Utedagen dersom vi får det finansiert.	AU
Politisk samhandling	
Mål: Skikrinsen skal drive politisk påverknad ovanfor fylkeskommunen, kommunar og idrettskrinsen.	
TILTAK	ANSV.
1. Skikrinsen skal vere synleg på aktuelle politiske arenaer lokalt og regionalt.	AU

LOV FOR SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

Skipa 10.03.1923.

Vedtatt av Skikrinstinget 17.06.2017, godkjent av NSF 01.09.2017.

Vedtatt av Skistyret 26. april 2017, jf. NIF si lovnorm for særkrinsar/ regionar vedtatt av Idrettsstyret 22. oktober 2015.

I. INNLEIANDE REGLAR

§1 Føremål

(1) Skikrinsen sitt føremål er å arbeide for skiidretten si utvikling innan krinsen, samt fremme samarbeidet med idrettslaga. Skikrinsen skal bistå Norges Skiforbund (NSF) i alle spørsmål som gjeld skiidretten innan krinsen.

(2) Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal bygge på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

§2 Organisasjon

(1) Skikrinsen er oppretta av NSF og består av alle idrettslag innan skikrinsen sine grenser som er medlem av NSF. Skikrinsen sine grenser vert fastsett av NSF. Skikrinsen sine grenser treng ikkje følgje dagens fylkesgrenser.

(2) Gjennom NSF er skikrinsen eit organisasjonsledd innanfor Norges idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komité (NIF). Skikrinsen er den faglege myndigheit under NSF innan krinsen sine grenser.

(3) Skikrinsen skal følgje NIF og NSF sine regelverk og vedtak. NIF og NSF sine regelverk gjeld for skikrinsen uavhengig av kva som måtte stå i skikrinsen si eiga lov.

(4) Saker av felles interesse for idretten, bør leggest føre idrettskrinsen.

§3 Oppgåver

Skikrinsen skal m.a.:

- a) Representere og førestå NSF i saker knytt til den enkelte idrett.
- b) Stimulere til samarbeid mellom idrettslaga som driv skiidrett. Førestå idrettskrinsen i spørsmål av felles interesse for fleire idrettar.
- c) Godkjenne krinsen si terminliste med renn, greiner og datoar for renn, samt oppnemne dommarar/ teknisk delegerte (NSF/ TD), i samsvar med gjeldande rennreglement.
- d) Førestå skiidrettsfagleg utdanning i samsvar med NSF sine planar.
- e) Syte for gjennomføring av krinsmeisterskap, samt stimulere til anna idrettsleg verksemd med mest mogleg variasjon og omfang.
- f) Gje fagleg bistand ved planlegging og bygging av idrettsanlegg.
- g) Legge fram årsmelding og rekneskap innan fastsette fristar, og søke om økonomisk støtte frå NSF og idrettskrins.
- h) Gjennomføre NSF sin strategiske plan innanfor skikrinsen sine grenser og myndigheitsområde.

§4 Kontingent

(1) Kontingenten og avgifter til skikrinsen vert fastsett av skikrinstinget og betalast på førehand.

(2) Skyldig kontingent/ avgift fører til tap av stemmerett og andre rettigheter på Skikrinstinget. Skikrinsstyret kan råde NSF at lag, som skyldar kontingent eller avgift for meir enn eitt år, mistar sitt medlemskap¹ i NSF.

II. TILLITSVALTE OG TILSETTE

§5 Kjønnfordeling

(1) Ved val/ oppnemning av styre, råd, utval/ komité mv. og ved representasjon til årsmøte/ Skikrinsting, skal begge kjønn vere representert. Samansetjinga skal samsvare i høve til kjønnfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at ved val/ oppnemning av meir enn tre personar, skal det veljast/ oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Regelen gjeld også der det blir valt meir enn eitt varamedlem. Tilsette sin representant tel ikkje med ved utrekning av kjønnfordelinga.

(2) Ved val/ oppnemning til styre/ råd/ utval/ komité mv. i strid med regelen, skal styret innan ein månad etter årsmøte/ Skikrinstinget sende ut innkalling til ekstraordinært årsmøte, der nytt val vert gjort. Eksisterande medlemar i det aktuelle styret, komiteen mv. blir sitjande til nytt styre, komité er valt/ oppnemnt.

(3) Ved representasjon må delegasjonen som faktisk møter tilfredsstille regelen, om ikkje mistar organisasjonsleddet talet på representantar som manglar for å oppfylle regelen.

(4) Idrettsstyret kan pålegge organisasjonsledd å oppfylle regelen, samt å innkalle til nytt årsmøte/ Skikrinsting eller foreta ny oppnemning.

(5) Idrettsstyret² kan, når det føreligg særlege tilhøve, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt som råd søkjast om dispensasjon på førehand. Søknad om dispensasjon må vere sendt til det organ som avgjer dispensasjonssøknaden innan 14 dagar etter årsmøtet/ Skikrinstinget. Dispensasjonen kan berre gjevast for ein valperiode/ oppnemning av gangen.

§6 Generelle reglar om stemmerett, kven som kan veljast, forslagsrett mv.

(1) For å ha stemmerett og kunne veljast må ein vere fylt 15 år, vore medlem av eit idrettslag tilslutta skikrinsen i minst ein månad, og ha oppfylt medlemskrava jf. NIF lov § 10-4. Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt.

(2) Ein person kan ikkje samstundes ha meir enn eit av følgjande verv i skikrinsen; medlem av styret, valkomité, kontrollkomité, revisor.

(3) Forslagsrett:

- a) Styret i skikrinsen har forslagsrett til og på Skikrinstinget.
- b) Eit organisasjonsledd med rett til representasjon har forslagsrett til Skikrinstinget, og representant (ar) til organisasjonsledd med rett til representasjon har forslagsrett på Skikrinstinget.
- c) Komité/ utval jf. § 14 (3), har forslagsrett til Skikrinstinget i saker som ligg innanfor komiteen/ utvalet sine arbeidsområde, og komiteen/ utvalet sin (e) representant (ar) har forslagsrett på Skikrinstinget innanfor komiteen/ utvalet sine arbeidsområde.

¹ Med skyldig kontingent for meir enn eitt år meiner ein kontingent som er forfalt til betaling i tingperioden.

² Myndigheit er delegert i høve til NIF sitt delegasjonsreglement

(4) Talerett³

- a) Revisor har talerett på Skikrinstinget i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.
- b) Representant frå overordna organisasjonsledd har talerett på Skikrinstinget.
- c) Komité/ utval jf. § 14 (3), har talerett på Skikrinstinget i saker som ligg innanfor komiteen/ utvalet sine arbeidsområde, og komiteen/ utvalet sin (e) representant (ar) har talerett på Skikrinstinget innanfor komiteen/ utvalet sine arbeidsområde.

§7 Representasjonsrett og vilkår for val av arbeidstakar og oppdragstakar

(1) Arbeidstakar i skikrinsen kan ikkje veljast til styre, råd, utval/ komité mv. i skikrinsen eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvalt som får relevant tilsetjing i skikrinsen, pliktar å gå ut av tillitsvervet, når ein tek til i stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsetjingstilhøvet er avslutta.

(2) Ein arbeidstakar i skikrinsen kan ikkje veljast eller oppnemnst som representant til årsmøte/ ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnst representant som er arbeidstakar i det organisasjonsledd representasjonen skjer.

(3) Regelen vert brukt tilsvarende på ein person som har oppdragsavtale som kan samanliknast med eit tilsetjingstilhøve.

(4) Regelen er ikkje til hinder for at skikrinsen gjev dei tilsette rett til å oppnemne tilsette sin representant (er) til skikrinsen sitt styre.

(5) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med regelen vert ikkje sett på som valt eller oppnemnt.

(6) Idrettsstyret ⁴ kan, når det legg føre særskilte høve, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt som råd er søkjast om dispensasjon på førehand. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/ oppnemning av gangen.

§8 Representasjonsrett og vilkår for val av andre personar med tilknytning til skikrinsen

(1) Ein person som har avtale med skikrinsen som gjev vedkommande ei økonomisk interesse i drifta av skikrinsen, kan ikkje veljast til verv i styre, råd, utval/ komité i skikrinsen eller overordna ledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett eller aksjonær med vesentleg innverknad, i ein juridisk person som har slik avtale nemnt i første setning. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem oppnemnt av skikrinsen. Tillitsvalt som får ein slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel, pliktar å gå ut av tillitsvervet ved tiltreding i stillinga, og kan ikkje gå inn att før tilsetjingstilhøvet er avslutta.

(2) Person som i høve til første ledd ikkje kan veljast, kan heller ikkje veljast eller oppnemnst som representant til årsmøte/ ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnst representant med tilsvarende tilknytning til det organisasjonsledd representasjonen skjer.

(3) Ein representant som er valt eller oppnemnt i strid med regelen bli ikkje sett på som valt eller oppnemnt.

(4) Idrettsstyret ⁵ kan, når det ligg føre særskilte høve, gje dispensasjon frå denne regelen. Det skal så langt som råd er søkjast om dispensasjon på førehand. Det er berre mogleg å gje dispensasjon for ein valperiode/ oppnemning av gangen.

³ Skikrinstinget kan også vedta å gje talerett til andre personar.

⁴ Myndigheit er delegert i høve til NIF sitt delegasjonsreglement.

⁵ Myndigheit er delegert i høve til NSF sitt delegasjonsreglement.

§9 Inhabilitet

(1) Ein tillitsvalt, oppnemnt representant eller tilsett i skikrinsen er inhabil til å leggje til rette grunnlaget for ei avgjerd eller ta avgjersla:

- a) når vedkomande sjølv er part i saka,
- b) når vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken,
- c) når vedkomande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part,
- d) når vedkomande er leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller annan juridisk person som er part i saka.

(2) Vedkomande er og inhabil når andre særskilte høve ligg føre som er eigna til å svekke tilliten til om vedkomande er upartisk; mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gje særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknytning til. Det skal også leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av ein part.

(3) Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i skikrinsen

(4) Inhabilitetsreglane skal ikkje nyttast dersom det er innlysande at den tillitsvalte, oppnemnde representanten eller tilsette si tilknytning til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sitt standpunkt og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vike sete.

(5) Med part er det her meint person, medrekna juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.

(6) I styre, komitéar og utval tek organet sjølv avgjerd, utan at vedkomande medlem deltek. Kjem det i ei og same sak opp spørsmål om inhabilitet for fleire medlemmer, kan ingen av dei delta ved avgjersla av sin eigen eller eit annan medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vore vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande medlemmer delta. Medleimen skal i god tid seie frå om forhold som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Før spørsmålet vert avgjort, bør varamedlem eller annan person som kan tre inn i staden for, bli kalla inn til å møte og delta i avgjerda, dersom dette kan gjerast utan vesentleg bruk av tid eller kostnad.

(7) Ved andre tilfelle tek vedkomande sjølv avgjersla om vedkomande er inhabil. Dersom ein part krev det og det kan gjerast utan vesentleg ekstra bruk av tid, eller vedkomande elles finn grunn til det, skal vedkomande sjølv leggje fram spørsmålet for sin næraste overordna til avgjerd.

§10 Krav til vedtak, fleirtalskrav og protokoll

(1) Når ikkje anna er bestemt, er styre, komitéar og utval i skikrinsen vedtaksføre når eit fleirtal av medlemmane er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.

(2) Vedtak kan fattast ved skriftleg sakshandsaming⁶ eller ved fjernmøte⁷. Ved skriftleg sakshandsaming skal kopiar av dokument i saka sendast samtidig til alle medlemmar med forslag til vedtak. Gyldig vedtak krev at fleirtalet av medlemmane gjev sin tilslutnad til det framlagde forslaget, og til at dette vert gjort etter skriftleg sakshandsaming. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarane kunne høyre og kommunisere med kvarandre.

(3) Det skal førast protokoll frå styremøta.

⁶ Til dømes e-post.

⁷ Til dømes møte per telefon/ videokonferanse.

§11 Refusjon av utgifter. Godtgjersle.

- (1) Tillitsvalt kan motta refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsforteneste, som vedkommande får i samband med utføring av vervet.
- (2) Tillitsvalt kan motta ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt.
- (3) Godtgjersle til styret og dagleg leiar skal kome klart fram i vedteke budsjett og rekneskap. Honorar til styret skal gå fram av årsmeldinga.
- (4) Skikrinsstyret avgjer kven som får godtgjersle i skikrinsen.
- (5) Skikrinsstyret kan nekte å godkjenne beløpet som gjeld godtgjersle for arbeid eller tapt arbeidsforteneste, i den grad beløpet overstig det som i alle tilhøve kan sjåast på som rimeleg.

III. ØKONOMI

§12 Rekneskap, revisjon, budsjett mv.

- (1) Skikrinsen er rekneskaps- og revisjonspliktig. Rekneskapsåret skal følgje kalendaråret⁸.
- (2) Dersom skikrinsen har ein årleg omsetnad på mindre enn kr 5 millionar, skal skikrinsen følgje NIF sine rekneskaps- og revisjonsreglar, men kan, etter vedtak av styret, velje å følgje rekneskapslova. Dersom skikrinsen har ein årleg omsetnad på kr 5 millionar eller meir, skal laget følgje rekneskapslova og revisorlova, og skal alltid engasjere statsautorisert/registrert revisor uavhengig av kva som følgjer av desse lovene. Alle organisasjonsledd som har engasjert revisor skal velje ein kontrollkomité med minst to medlemar. Kontrollkomitéen sine oppgåver følgjer av NIF si lov § 2-12.
- (3) Bankkonti skal vere knytt til skikrinsen og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal vere teikna for dei som disponerer.
- (4) På Skikrinstinget skal det fastsetjast eit budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapen. Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det vert dekt av positiv eigenkapital. Det vedteke budsjettet bør kome fram i ei eiga kolonne når årsrekneskapen vert lagt fram. For skikrinsar som ikkje avviklar ordinært ting kvart år, fastset Skikrinsstyret budsjett innanfor ramma av langtidbudsjettet, og dersom det er føremålstenleg skal desse presenterast på leiarmøte eller tilsvarande i perioden mellom tinga.
- (5) Årsrekneskap og årsmelding skal skrivast under av samtlege styremedlemar. Dersom skikrinsen har dagleg leiar skal også vedkommande signere.
- (6) Skikrinsen kan ikkje gje lån eller stille garantiar for lån dersom ikkje lånet eller garantien har sikring med trygg pant eller annan fullgod sikring. Tryggleik for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjeret. Skikrinsen kan likevel delta i NIF si konsernkontoendring etter søknad frå skikrinsen og avgjersle frå Idrettsstyret.
- (7) Disposisjonar, også låneopptak, av ekstraordinær karakter eller vesentleg omfang i høve til skikrinsen sin storleik eller verksemd, kan berre vedtakast av Skikrinstinget.

⁸ Idrettsstyret kan, når det føreligg særskilte tilhøve, gje dispensasjon til å nytte avvikande rekneskapsår.

IV. TING, STYRE, FAGLEGE KOMITEAR, UTVAL MV.

§13 Skikrinstinget

(1) Skikrinstinget er skikrinsen sitt høgste styringsorgan, og skal haldast annan kvart år innan utgangen av mai i år det ikkje vert avvikla Skiting. Skikrinstinget kan med 2/3 fleirtal vedta å halde ting kvar år.

(2) Styret kallar inn til Skikrinsting minst ein månad på førehand direkte til dei idrettslag som har representasjonsrett. Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på skikrinsen si internettside eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ei veke før Skikrinstinget. Forslag som skal handsamast på Skikrinstinget, må vere sendt til styret seinast to veker før Skikrinstinget. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag til Skikrinstinget må vere gjort tilgjengeleg seinast ei veke før Skikrinstinget.

(3) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer Skikrinstinget høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om tinget er lovleg innkalla og om det er saker som ikkje kan handsamast.

(4) Skikrinstinget er vedtaksført med det tal godkjente representantar som møter.

(6) På Skikrinstinget kan det ikkje handsamast framlegg om endring i lov eller reglar som ikkje er ført opp på den saklista som er gjort tilgjengeleg eller sendt ut. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning av saklista.

§14 Representasjon på Skikrinstinget

(1) På Skikrinstinget møter med stemmerett:

- a) Skikrinsen sitt styre.
- b) Representantar frå idrettslaga etter følgjande skala

Medlemstal inn til 50	- 2 representantar
Medlemstal 51-100	- 3 representantar
Medlemstal 101-200	- 4 representantar
Medlemstal over 100	- 5 representantar

(2) Representantane må vere valt på årsmøte i idrettslaget, eller oppnemnt av styret etter fullmakt.

(3) Vidare møter utan stemmerett, men med tale- og forslagsrett i dei saker som ligg innanfor utvalet/komiteen sine arbeidsområde:

- a) Leiarane i faglege utval/ komitear, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leiar er forhindra i å møte.
- b) Kontrollkomiteen sine medlemmer.
- c) Valkomiteen sine medlemmer.
- d) Revisor.

(4) Representasjon frå idrettslaga vert fastsett av Skikrinstinget etter idrettslaga sine aktivitetstal for ski i høve til den siste tilgjengelege offisielle idrettsregistreringa per 31. desember⁹.

(5) Representantane frå idrettslaga må vere valt på årsmøte eller oppnemnt av styret etter fullmakt og meldt skikrinsen seinast ei veke før tinget.

(6) Tilsette i skikrinsen kan møte med talerett i saker som gjeld tilsette sine arbeidsområde.

(7) Ordning med reisefordeling kan nyttast.

⁹ Dette betyr i praksis at det er idrettsregistreringa per 31. desember to kalendarår før året Skikrinstinget vert avvikla, sidan fristen for idrettsregistreringa er etter at det vert kalla inn til Skikrinsting.

§15 Leing av Skikrinstinget

Skikrinstinget vert leia av valt dirigent. Dirigent eller valt referent treng ikkje vere valt/ oppnemnt representant. Det kan veljast fleire dirigentar og referentar.

§16 Skikrinstinget sine oppgåver

Skikrinstinget skal:

- 1) Godkjenne dei som har stemmerett.
- 2) Godkjenne innkallinga, saklista og forretningsorden.
- 3) Velje dirigent (er), referent/ sekretær, samt to representantar til å skrive under protokollen.
- 4) Handsame skikrinsen si årsmelding.
- 5) Handsame skikrinsen sin rekneskap i revidert stand.
- 6) Handsame forslag og saker¹⁰
- 7) Fatsetje kontingent.
- 8) Handsame skikrinsen sitt budsjett.
- 9) Gjere følgjande val¹¹:
 - a) Leiar og nestleiar.
 - b) 2 (to) styremedlemer¹² og 2 (to) varamedlemer.
 - c) 2 (to) revisorar og 2 (to) vararevisorar.¹³
 - d) Leiarar av fagkomiteane i skikrinsen.
 - e) Nestleiar og medlemer av fagkomiteane i skikrinsen, alternativt at Skikrinstinget gjev Skikrinsstyret fullmakt til å oppnemne desse.
 - f) Representantar til Skiting og Idrettskrinsting eller gje Skikrinsstyret fullmakt til å oppnemne representantane.
 - g) Velkomitè med leiar, to medlemer og eitt varamedlem for neste Skikrinsting.
 - h) Skikrinsar som i høve til NIF sine rekneskap- og revisjonsreglar er pålagt å engasjere statsautorisert/ registrert revisor, vel kontrollkomitè på 2 (to) medlemer med 2 (to) varamedlemer og engasjerar statsautorisert/registrert revisor til å revidere skikrinsen sin rekneskap.

Leiar og nestleiar vert valde enkeltvis. Dei øvrige medlemene til Skikrinsstyret vert valt samla. Deretter vel ein varamedlemene samla, og ved skriftleg val avgjer ein rekkefølgja i høve til stemmetal.

§17 Stemmegjeving på Skikrinstinget

(1) Med mindre noko anna er fastlagt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Blanke stemmer skal reknast som ikkje avgjevne.

(2) Val skal vere skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller det vert fremja krav om det. Dersom det skal vere skriftleg val, kan berre føreslegne kandidatar førast opp på stemmesetelen. Stemmesetler som er blanke, eller som inneheld kandidatar som ikkje er føreslegne, eller ikkje har det tal det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene skal reknast som ikkje avgjevne.

(3) Når eit val vert halde enkeltvis og ingen kandidat oppnår meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det vere omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert det avgjort ved loddrekking.

¹⁰ Tinget bør gje styret fullmakt til å oppdatere lova i samsvar med framtidige endringar i NSF si lovnorm for særkrinsar/ regionar.

¹¹ Dette er minimum av dei tillitsvalde som skal veljast på Skikrinstinget. Skikrinstinget kan i tillegg velje andre tillitsvalde der det er behov. Dette skal i så fall gå fram av den einskilde særkrets si lov.

¹² Tal styremedlemmer vert fastsett ved godkjenning av lova. Styremedlemene kan veljast til spesifikke oppgåver.

¹³ Skikrinsar med årleg omsetjing på kr. 5 millioner eller meir pliktar å engasjere revisor, jf. NIF si lov §2-11 og må inna følgjande som nytt pkt. 9: «Engasjere statsautorisert/ registrert revisor til å revidere skikrinsen sin rekneskap». Pkt. 9 skyvast til nytt pkt. 10 og bokstav c) endrast til «Kontrollkomitè med minimum to medlemer».

(4) Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle, ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene for å vere valt. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlem. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i første omgang, er det berre dei som har fått meir enn halvparten av stemmene som er valde. Det vert så omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei valde som har fått flest stemmer. Står nokon likt etter omvalet, vert dette avgjort ved loddtrekking.

§18 Ekstraordinært Skikrinsting

(1) Ekstraordinært Skikrinsting vert kalla inn av Skikrinstyret minst 14 dagar på førehand etter:

- a) Vedtak av Skikrinsstyret
- b) Vedtak av Skikrinstinget
- c) Vedtak av Skistyret eller ting i overordna organisasjonsledd
- d) Skriftleg krav frå 1/4 av idrettslaga i skikrinsen

(2) Ekstraordinært skikrinsting vert kalla inn direkte til representasjonberettiga.

(3) Saklista og andre nødvendige dokument skal følgje vedlagt innkalling eller vere gjort tilgjengeleg på skikrinsen si internettside eller annan forsvarleg måte. I sistnemnte tilfelle skal det gå fram av innkallinga at saksdokumenta er gjort tilgjengeleg på annan måte, og dokumenta skal vere gjort tilgjengelege på innkallingstidspunktet.

(4) Eit ekstraordinært Skikrinsting er vedtaksført med det tal godkjende representantar som møter.

(5) Ekstraordinært Skikrinsting skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av det Skikrinstinget.

(5) Ved innkalling i strid med regelen, avgjer det ekstraordinære tinget høvesvis ved godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om det ekstraordinære tinget er lovleg kalla inn og om det er saker som ikkje kan handsamast

§19 Skikrinsen sitt styre

(1) Skikrinsen vert leia og forplikta av styret som er skikrinsen sitt høgste styringsorgan mellom tinga¹⁴.

Styret består av leiar, nestleiar, minimum 2 (to) styremedlemer med varamedlemer og leiarar i fagkomiteane i krinsen.

(2) Styret skal m.a.:

- a) Setje i verk Skikrinstinget og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og sine vedtak
- b) Sjå til skikrinsen sin daglege administrasjon, representere skikrinsen, og utøve fagleg myndigheit innan skikrinsen sine grenser.
- c) Sjå til at skikrinsen sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på tinget eller av overordna organisasjonsledd, samt syte for at skikrinsen har ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har ei forsvarleg økonomistyring.
- d) Arrangere eller la andre organisere krinsmeisterskap og andre konkurransar i krinsen, og utarbeide terminlister for dette.
- e) Utvikle skikrinsen sin organisasjon og aktivitetstilbod.
- f) Oppnemne utval, råd og komitear etter behov, samt utarbeide mandat/ instruks for desse.
- g) Sende årsmelding til Skistyret seinast innan 01. juli kvart år.

(3) Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller minst to av styremedlemane krev det.

¹⁴Denne høgste myndigheit kan ikkje, heilt eller delvis, delegerast til andre organ/ personar innan skikrinsen, til dømes trenings- og konkurransegrupper på tvers av skikrinsen sine grenser.

(4) Det nye Skikrinsstyret trer i kraft straks etter at Skikrinstinget er avvikla.

(5) Det kan setjast ned eit arbeidsutval til å ta seg av den daglege drifta.

(6) Tilsette i skikrinsen kan møte med tale- og forslagsrett.

§19 a Skikrinsen sine fagkomitear for alpint, freestyle, hopp, kombinert, langrenn og telemark

Skigreiner med aktivitet i skikrinsen skal ha fagkomitear. Komiteane er rådgevande organ ovanfor Skikrinsstyret. Komiteen er utøvande organ i sine greiner innanfor fullmakt og med arbeidsoppgåver fastsett av Skikrinsstyret.

§19 b Samansetjing av fagkomiteane i skikrinsane

(1) Krinsen sine fagkomitear består av leiar, nestleiar og minimum 1 (eitt) medlem.

(2) Fagkomiteane sin leiar vert valt på Skikrinstinget. Nestleiar og medlemmer veljast på Skikrinstinget, eller vert oppnemnt av Skikrinsstyret etter fullmakt frå Skikrinstinget.

§19 c Fagkomiteane sine oppgåver i skikrinsane

(1) Skikrinsen sine fagkomitear rapporterer til Skikrinsstyret.

(2) Komiteane sin hovudoppgåver er mellom anna:

- a) Rekruttering, breidde-, utvikling- og utdanningsarbeid i respektive greiner innanfor skikrinsen.
- b) Topp- og elitearbeid i respektive greiner innanfor skikrinsen

(3) Komiteen sine øvrige oppgåver er m.a.:

- c) Utarbeide forslag til handlingsplan og budsjett som godkjennast av Skikrinsstyret, og føre løpande kontroll med forbruk av dei midlar Skikrinsstyret har godkjent.
- d) Setje i verk nødvendige korrigeringar av verksemda i høve til rekneskapsrapportar.
- e) Legge fram handlingsplan og budsjett for fagmøtet.
- f) Samordne terminlista innanfor skikrinsen i respektiv grein.
- g) Ta ut løparar til representasjonsoppgåver.
- h) Ta ut leiarar til representasjonsoppgåver.
- i) Sjå til utdanningsverksemda i respektiv grein.
- j) Komme med forslag til Skikrinsstyret til instruksar for trenarar og leiarar.
- k) Komme med forslag for Skikrinsstyret om arrangør av krinsmeisterskapen.
- l) Komme med forslag om teknisk delegerte (NSF/TD) og dommarar i samsvar med gjeldande rennreglement, samt eventuelt komiteen sin representant til renn utvalt av komiteane.
- m) Vurdere å komme med forslag til Skikrinsstyret om tiltak som kan bidra til å fremme respektive greiner, også anleggsprosjekt.
- n) Legge fram rekneskap og årsmelding til Skikrinsstyret innan fastsette fristar.
- o) Handsame andre spørsmål som Skikrinsstyret pålegg komiteen.

(4) Tilsette i skikrinsen kan møte i fagkomiteane med tale- og forslagsrett.

§19 d Fagmøter i skikrinsane sine fagkomitear

(1) Fagmøtet er rådgevande organ for Skikrinstinget, Skikrinsstyret og fagkomiteen i krinsen i respektiv grein innanfor komiteen si oppgåve- og myndigheitsområde.

- a) Det skal avviklast fagmøter kvart år innan utgangen av mai og elles ved behov.
- b) Fagmøtet uttalar seg om komiteen si verksemd, økonomi, planar for anlegg, kurs, trening- og rennaktivitet.
- c) Fagmøta legg fram for valkomiteen forslag til kandidatar som komiteen sin leiar, nestleiar og medlemmer.
- d) På fagmøta møter med stemme- og forslagsrett medlemmane av fagkomiteen i respektiv grein og minst ein representant for kvart idrettslag med aktivitet i greina. Tal representantar frå idrettslaga vert fastsett av Skikrinstinget.

(2) Noverande ordning med representasjon vert vidareført automatisk ved første fagmøte etter at denne lov er vedtatt. Ved samanslåing av skikrinsar vert representasjonen fastsett av dei aktuelle skikrinsane.

(3) Representasjon frå idrettslaga vert fastsett av Skikrinstinget etter idrettslaga sine aktivitetstal for respektiv grein i høve til idrettsregistreringa same år som fagmøtet.

(4) På fagmøtet kan trenarar, dommarar, teknisk delegerte og andre som utøver organisert aktivitet i greina møte med tale- og forslagsrett.

(5) Ordning med reisefordeling kan nyttast.

§20 Andre utval og komitear

(1) Kontrollkomité

Kontrollkomiteen skal arbeide i høve til NIF si lov §2-12. Kontrollkomiteen sine pliktar er nærare beskrive i desse reglane. Dette gjeld kun for dei skikrinsar som har statsautorisert/ registrert revisor.

(2) Valkomité

Valkomiteen veljast av Skikrinstinget på fritt grunnlag, etter innstilling frå Skikrinsstyret, og skal legge fram innstilling på kandidatar til alle øvrige tillitsverv som skal veljast på skikrinstinget. Medlem av valkomité som sjølv vert kandidat til verv, pliktar å tre ut av valkomiteen.

(3) Anleggsutval

Anleggsutval med det tal medlemmer som Skikrinsstyret avgjer.

V. ANDRE REGLAR

§21 Allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar etter NSF sitt fellesreglement og rennreglement, straffesaker og dopingsaker

For allmenne disiplinærtiltak, sanksjonar etter NSF sitt fellesreglement og rennreglement, straffesaker og dopingsaker gjeld NIF si lov kapittel 11 og 12.

§22 Avtalar og samarbeid mellom skikrinsen og næringslivet

Avtalar og samarbeid mellom skikrinsen og næringslivet vert regulert i NIF si lov kapittel 13.

§23 Idretten sine rettigheter til marked-, medie-, og arrangement

Rettighetene knytt til marked-, medie-, og arrangement vert regulert i NIF si lova kapittel 14.

§24 Reglar om konkurranseforbod

Idrettsstyret og Skistyret kan nekte organisasjonsledd og medlem av organisasjonsledd tilslutta NIF rett til å utøve eller til å medverke i konkurrerende verksemd gjennom deltaking, medlemskap, eller samarbeid med andre rettssubjekt. Nektelse krev sakleg årsak.

§25 Lovendring

- (1) Lovendring kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært Skikrinsting etter å ha vore ført opp på saklista, og krev 2/3 fleirtal av stemmene.
- (2) Lovendringar som følgje av endringar i NIF si lov, trer i kraft straks. Lovendringar som vert vedteke av skikrinsen sjølv trer ikkje i kraft før dei er godkjent av Skistyret. Godkjenninga er avgrensa til reglar som NIF og NSF si lov omfattar.
- (3) I samband med godkjenning kan Skistyret pålegge nødvendige endringar for å unngå motstrid i høve til NIF og NSF sitt regelverk.
- (4) Skikrinsen kan ikkje vedta endringar i §25 og 26, med mindre endringane følgjer NIF og NSF sitt regelverk eller lovnorm.

§26 Nedlegging - samanslåing

- (1) Skikrinsen kan kun leggest ned av NSF.
- (2) NSF har myndigheit til å føreta samanslåing av skikrinsar. Samanslåing reknar ein ikkje som nedlegging.
- (3) Ved nedlegging eller anna opphøyr av skikrinsen går skikrinsen sine overskytande midlar etter avvikling til eit føremål godkjent av NSF.